

Fagleg plattform, profil og strategi

Drivkraft i Vest



Innhold

Forord.....	3
1. Innleiing	4
2. HVL sin eigenart og kjerneverdiar	8
3. Profilområde.....	11
4. Tverrgåande synergiområde	22
5. Prinsipp for strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanning	31
6. Faglege visjonar, mål og prioriteringar for HVL i perioden fram til 2023..	32

Forord

Vegen fram mot dette framlegget til skildring av fagleg plattform, profil og strategi har vore interessant, lang og til tider også litt «krunglete». Arbeidet har gitt oss innsyn i eit stort spenn av fagmiljø og faglege aktivitetar. Noko visste vi om på førehand. Andre ting var nytt for oss, - i all hovudsak godt nytt. Fagmiljøet ved HVL er fargerikt, sterkt og har stort potensial.

Prosjektgruppa erkjente tidleg at den første fasen i fusjonsprosessen i stor grad, og naturleg nok, hadde vore ein prosess for og med leiarane, og at vi ikkje kunne kome fram til valide resultat utan å konsultere dei ulike laga i organisasjonen. Vårt utgangspunkt har difor vore at skildringa av plattform og profil, som jo er knytt til den andre fasen i fusjonsprosessen, måtte springe ut av korleis dei som studerer og arbeider i organisasjonen, ser seg sjølv plasserte i det fargerike spekteret av lærings- og forskingsmiljø ved Høgskulen på Vestlandet. Samstundes var vi klar over at dette ville vere eit så omfattande og overveldande materiale at vi måtte sortere, og at vi måtte ta nokre val. Vi er difor smerteleg klar over at det vi presenterer i denne rapporten, er vår måte å sjå HVL på, som lærings- og forskingsarena og som arbeidsplass. Dette er prosjektgruppa sin konsensus basert på ei rekke analysar og gode diskusjonar. Sjølv om eit omfattande kvalitatittivt og kvantitatittivt materiale ligg til grunn for desse konklusjonane, erkjenner vi at dei utgjer eitt av mange mulege perspektiv. Ei anna prosjektgruppe vil kunne kome fram til andre resultat.

Det er likevel vårt syn at den plattforma og profilen vi presenterer, gir eit godt bilete av den faglege aktiviteten ved HVL, og at dette kan vere eit godt utgangspunkt for strategiarbeidet i dei ulike delane av organisasjonen. Vi meiner også at dei synergiområda vi peikar på, kan vere eit godt grunnlag for nyskapande og produktivt arbeid på tvers av profesjonar og fagmiljø.

Det har vore stort og positivt engasjement rundt arbeidet med fagleg plattform, profil og strategi. Vi har fått mange gode og konstruktive innspel. Alt har vorte lest og vurdert, men vi har likevel ikkje kunne ta omsyn til alle innspela. Vi vil nytte høvet til å takke alle som har delteke i prosessen. Her har det vore lagt ned eit imponerande stykke arbeid i alle delar av organisasjonen. Dei høyringsinnspela som er sende inn, vil følgje saka vidare og vil heilt sikkert bli nytta som ressursar i den framtidige strategiprosessen som rektor vil leie.

Vi vil også takke styringsgruppa som tidleg signaliserte ei proaktiv haldning til arbeidet, for all hjelp og for positiv velvilje oppi all travelheita. Medlemmene har vore konstruktivt kritiske og støttande i dei ulike fasane av prosjektarbeidet og har bidrige med mange gode innspel undervegs.

Til slutt og ikkje minst: hjartans takk til det fantastiske sekretariatet vi har hatt til å hjelpe oss med logistikk, analyse og tekstuformning, og, ikkje minst, til å halde oss i øyra: Georg Arnestad, Solveig Råheim Grønsdal, Anne Marthe Hanstveit, Anja Olsen Moberg, Lene Susann Pilskog og Lene Borgen Waage

Vestlandet 07.02.2017:

Knut Steinar Engelsen, Eva Haukeland Fredriksen, Bjørg Hafslund, Randi Skår

1. Innleiing

Prosjektgruppa for fagleg plattform, profil og strategi legg med dette fram sitt forslag til plattform, profil og strategi for Høgskulen på Vestlandet (HVL). Forslaget er basert på grundige drøftingar i prosjektgruppa og med styringsgruppa. I tillegg er det lagt vekt på å innarbeide innspel frå organisasjonen, fokussamtalar med avdelingane, innspel frå innspelsrundar og høringsfråsegner.

I «Delprosjekt Universitetsambisjonen 2023» (sjå sak 038/16¹) vert det skissert ein tidsplan for arbeidet med universitetsambisjonen til HVL, saman med eit oversyn over kriteria som gjeld for å verte akkreditert som universitet i det nasjonale regelverket. Dette delprosjektet starta arbeidet rett etter nyttår med planlagt ferdigstilling i juni 2017.

1.1 Mandat

Mandatet for prosjektet «Fagleg plattform, profil og strategi» spring ut av fusjonsavtalen og er konkretisert i fusjonsprogrammet, der det går fram at prosjektet skal kome med forslag til kjerneverdiar, faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen. Prosjektet skal også lage forslag til prinsipp for strategisk utvikling og samkøyring av utdanningsløp, samt oversikt over vilkår for at HVL skal kunne kvalifisere seg for å få universitetsstatus i 2023. Dette skal gjerast ved å svare på desse mandatområda:

1. Skildre grunnleggjande utdannings- og forskingsområde i den nye høgskulen.
2. Skildre framståande trekk ved utdanningsprogramma og forskingsverksemda.
3. Skildre eigenart og kjerneverdiar den nye høgskulen.
4. Drøfte prinsipp som skal ligge til grunn for strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanning.
5. Føreslå faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen i perioden fram til 2023.
6. Kome med forslag til område der den nye høgskulen kan vere nasjonalt leiande.
7. Identifisere område der den nye høgskulen har særleg mulegheit for å lukkast internasjonalt.
8. Føreslå mulege tverrfaglege satsingsområde for den nye institusjonen.
9. Utarbeide ein plan for realisering av universitetsambisjonen i den nye høgskulen, der eksisterande og planlagde doktorgradsprogram inngår. Rolle og status til dei eksisterande forskingssentra skal vurderast og inkluderast i arbeidet. Målet er å søkje om universitetsstatus innan 2023.

1.2 Prosjektgruppa si forståing av mandat og premissgrunnlag

Fusjonsavtalen utgjer saman med den kongelege resolusjonen grunnlaget for dannninga av den nye Høgskulen på Vestlandet (HVL).

I fusjonsavtalen heiter det at HVL skal «byggjast og utviklast til ein fagleg sterkt og tydeleg kunnskapsinstitusjon.» Den nye høgskulen skal også ha «eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv, og yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling» og ha «ein klar ambisjon om å verte universitet med ein profesjons- og arbeidsretta profil.»

HVL skal også byggje «sterkare og meir solide forskingsmiljø som set spor både nasjonalt og internasjonalt» og ta «nasjonal leiarposisjon på område der vi er gode.» HVL er ein sentral nasjonal aktør som tek sitt samfunnsansvar og utviklar forsking av høg internasjonal kvalitet knytt til profesjonane vi utdannar for. Høgskulen skal verte «konkurранsedyktig og attraktiv» både for

¹ Interimsstyret HVL

studentar og fagpersonar.

Regionrolla og Vestlandet er nemnt fleire gonger i fusjonsavtalen. HVL skal vidareutvikle campusane slik at regionrolla vert teken betre vare på enn i dag. Den nye høgskulen skal utvikle nærmare og meir forpliktande samarbeid med kunnskapsinstitusjonane på Vestlandet, og vere ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping i regionen. I tillegg skal HVL ta utgangspunkt i og byggje vidare på hovudtrekk ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar. Nynorsk skal vere hovudmålforma for Høgskulen på Vestlandet.

Innovasjon og verdiskaping er i fusjonsavtalen sett i samanheng med framtidig verdiskaping på Vestlandet, som utviklar utdanningane og profesjonane med mål om å bidra til berekraftig utvikling.

Forskningsmiljøa ved HVL skal setje spor både nasjonalt og internasjonalt. Høgskulen skal ha forpliktande opplegg for studentmobilitet i alle utdanningssyklusar, fleksible ordningar for tilsettmobilitet, og vere synlege internasjonalt også gjennom auka ekstern finansiering av utdanning og forsking. Forskarar og forskargrupper ved HVL skal vere tett knytt til det internasjonale forskarsamfunnet.

Den kongelege resolusjonen seier at «den nye høgskulen skal ha eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv, og yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling.» Høgskulen vil òg ha «ein klar ambisjon om å verte universitet med ein profesjons- og arbeidsretta profil.»

Denne forståinga av fusjonsavtalen dannar, saman med dei innspela gruppa har fått i løpet av prosessen, grunnlaget for skildringa av fagleg plattform og profil for Høgskulen på Vestlandet.

1.3 Samansetjing av prosjekt- og styringsgruppe

Prosjektgruppa har bestått av

- Knut Steinar Engelsen (prosjektleiar - professor ved Avdeling for lærarutdanning og kulturfag, viserektor for FoU, campus Stord)
- Gro Anita Fonnes Flaten (høgskuledirektør, campus Bergen) *fram til 5.1.2017*
- Bjørg Hafslund (instituttleiar Institutt for ergoterapi, fysioterapi og radiografi, campus Bergen)
- Eva Haukeland Fredriksen (viserektor for forsking, campus Bergen) *frå 5.1.2017*
- Randi Skår (dekan ved Avdeling for helsefag, campus Førde)

Styringsgruppa har bestått av:

- Knut Steinar Engelsen (viserektor, campus Stord)
- Eva Haukeland Fredriksen (viserektor for forsking, campus Bergen) fram til 5.1.2017
- Gro Anita Fonnes Flaten (høgskuledirektør, campus Bergen) frå 5.1.2017
- Geir Anton Johansen (dekan ved Avdeling for ingeniør- og økonomifag, campus Bergen)
- Anne Robbestad (dekan ved Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag, campus Haugesund)
- Randi Skår (dekan ved Avdeling for helsefag, campus Førde)

- Stein Joar Hegland (dekan ved Avdeling for ingeniør- og naturfag, campus Sogndal)
- Tina Åsgård (tillitsvald for NTL/LO Stat, campus Bergen)
- Joar Sande (tillitsvald for Akademikerne, campus Førde)
- Marit Breivik (tillitsvald for Norsk sykepleierforbund, campus Bergen)
- Cecilie Fredheim (student, campus Stord)
- Per Walther Lassen (student, campus Sogndal)
- Egil Hole Lønning (student, campus Bergen)
- Svenn-Åge Dahl (adm. dir. i Samfunns- og næringslivsforskning (SNF) ved NHH)
- Mimi Bjerkestrand (rektor på Slettebakken skole og tidlegare leiar i Utdanningsforbundet)

Støtte frå sekretariatet:

- Georg Arnestad (campus Sogndal)
- Solveig Råheim Grønsdal (campus Stord) frå 5.1.2017
- Anne Marthe Hanstveit (campus Bergen) (innleiande fase)
- Anja Olsen Moberg (campus Bergen)
- Lene S. Pilskog (campus Stord) frå 5.1.2017
- Lene Borgen Waage (campus Stord) fram til 5.1.2017

1.4 Prosess og metode

Prosjektgruppa har hatt som overordna føring at arbeidet skal ha god og brei forankring i den nye organisasjonen. Gruppa har gjennomført fire fysiske og ei rekke virtuelle møte, i tillegg til dialog og arbeid via e-post og digital arbeidsplattform. Styringsgruppa har gjennomført sju møte (tre fysiske, inklusive eit arbeidsseminar, og fire virtuelle), i tillegg til tilbakemeldingar og diskusjonar på digital arbeidsplattform.

Rapporten vart lagt fram for interimsstyret for første gongs handsaming 22.12.2016. Tilbakemeldingane frå interimsstyret har vore handsama i prosjektgruppa og styringsgruppa gjennom fleire skypemøte og eit felles seminar for prosjektgruppa og styringsgruppa, som samla representanter breidda i HVL. Det er også henta inn skriftlege innspel frå utvalde fagmiljø og gjennomført samtalar med eksterne samfunnsaktørar.

Styringsgruppa er sett saman av leiarar, arbeidstakarrepresentantar og studentrepresentantar med ulik fagbakgrunn frå dei tre nærregionane, samt eksterne representantar. Dette har gjort at prosjektgruppa har fått viktige og nyttige innspel gjennom styringsgruppemøta både til prosess og metode, innhald og struktur for leveransane.

Innleiingsvis i arbeidet nytta prosjektgruppa ei *induktiv* tilnærming, gjennom å studere og samanstille data frå ulike kjelder for å presentere den faglege aktiviteten ved HVL²:

² Datagrunnlaget er nærmere skildra i punkt 1.2 i delleveranse 1 (sak 38/16)

- Strategiske planar for dei tre institusjonane.
- Elleva samtalar med totalt 91 deltarar knytt til fagavdelingane (studentar, vitskapleg tilsette, teknisk-administrativt tilsette og leiing på institutt/studie/FoU-programnivå).
- Data frå NOKUT-portalen på studieprogramnivå.
- Informasjon frå nettsider og ressurspersonar ved dei tre høgskulane for oversikt over forskingsområda.
- Oversikt over etter- og vidareutdanningstilbod ved dei tre høgskulane frå arbeidsgruppa for EVU i «Sikker drift-prosjektet».
- NIFU-rapport 2015:41 Fusjonsutredning for Høgskolen i Bergen Høgskolen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund

I veke 42 var det innspelsveke der tilsette og studentar ved alle delar av HVL fekk høve til å gi innspel til ulike prosjekt i fusjonsprogrammet. Delleveranse 1 vart sendt ut 17. oktober. Prosjektdeltakarar frå prosjekt «Fagleg plattform, profil og strategi» deltok på innspelsdagane. Prosjektgruppa bad då særleg om ei kvalitetssikring av innhaldet i delleveransen.

I det vidare arbeidet har prosjektgruppa i hovudsak nytta ei *deduktiv* tilnærming, ved å svare på mandatområde 3-8 og bruke materialet frå delleveranse 1. Dette er supplert med mellom anna tallinformasjon om samansetjing av fagtilsette med førstekompetanse og i stipendiatløp, for betre å kunne underbygge svara.

Leveranse 1 vert sendt til høyring 1. desember, med høyringsfrist 13. desember. Parallelt med dette vart fagmiljø knytte til områda der prosjektgruppa meiner HVL kan hevde seg nasjonalt og/eller lukkast internasjonalt, bedne om å utfylle omtalen av området med argumentasjon om kva som gjer at området skal trekkast fram.

1.5 Struktur for leveranse

Mandatområde 1 (skildre grunnleggande utdannings- og forskingsområde i den nye høgskulen) og *mandatområde 2* (skildre framståande trekk ved utdanningsprogramma og forskingsverksemda) er skildra i delleveranse 1 (sjå sak 038/16).

Mandatområde 3-8 er omtala i dette dokumentet gjennom følgjande punkt:

2. HVL sin eigenart og kjerneverdiar (*mandatområde 3*)
3. Omtale av profilområda med skildring og argumentasjon for val av profilområdet, profilelement, område der HVL kan vera nasjonalt leiande og område der HVL har særleg mulegheit for å lukkast internasjonalt (*mandatområde 3, 6 og 7*)
4. Mulege tverrfaglege satsingsområde for den nye institusjonen (*mandatområde 8*)
5. Drøfting av prinsipp som ligg til grunn for strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanning (*mandatområde 4*)
6. Forslag til faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen i perioden fram til 2023 (*mandatområde 5*)

Det er sett ned ei eiga gruppe som skal lage ein plan for realisering av universitetsambisjonen (*mandatområde 9*). Innstillinga frå denne gruppa skal leggjast fram for styret i juni 2017. I saka vert det likevel lagt ved ei oversikt over vilkår som må oppfyllast om HVL skal kunne kvalifisere seg for å få universitetsstatus i 2023, inklusive dei milepålar som må nåast om planen skal kunne gjennomførast i samsvar med studiekvalitets- og studietsynsforskriftene.

2. HVL sin eigenart og kjerneverdiar

2.1 Plattform- og verdielement

Prosjektgruppa gjennomførte i delleveranse 1 (sjå sak 038/16) ein analyse av eigenarten og kjerneverdiene til HVL. Om vi ser dette i samanheng med fusjonsavtalen, peikar følgjande plattform- og verdielement seg ut:

Bachelorutdanningane utgjer ein vesentleg del av studieporteføljen ved HVL. Det er desse utdanningane som definerer plattform og profil. Bachelor-/grunnutdanningane er basisen, og høg kvalitet i grunnutdanningane er ein føresetnad for å få til master- og ph.d.-utdanningar av høg kvalitet. Dei fleste master- og ph.d.-studentar ved HVL, vert òg rekrutterte frå desse utdanningane.

Universitetsambisjonen er eit berande element i arbeidet med den faglege og fagleg-strategiske utviklinga av Høgskulen på Vestlandet. Prosjektgruppa skal i ein eigen delleveranse skissere korleis dette arbeidet skal realiserast slik at eit vestlandsuniversitet med ein arbeidslivs- og profesjonsprofil kan realiserast innan 2023.

Vestlandet og vestlandsidentiteten er ein grunnleggande del av HVL si plattform. Vi skal tilby relevante og tidsriktige utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå og utføre forsking i nasjonal og internasjonal kunnskapsfront.

Nynorsk er ein vesentleg identitetsmarkør for Høgskulen på Vestlandet. Høgskulen vil stimulere til forsking kring nynorsk språk og fagdidaktikk i samarbeid med dei andre institusjonane i UH-nett Vest. Høgskulen ser det som ei viktig oppgåve å bidra til utvikling av eit klårt og enkelt nynorsk fagspråk innanfor fagområda ved HVL.

«*Tett på*» i brei tyding utgjer òg eit vesentleg fundament i plattforma. Vi skal vere tett på studenten, tett på samfunns-, kultur- og arbeidsliv i regionen og tett på i forholdet mellom fag og administrasjon internt i høgskulen.

2.2 Faglege profilområde og tverrgående synergiar

Prosjektgruppa har teke utgangspunkt i at HVL som framtidig universitet skal ha ein profesjons- og arbeidslivsretta profil³. Dette inneber at i tillegg til høg fagleg internasjonal kvalitet, skal også nyte og relevans vere berande faktorar både i utdanningstilbod og forskingsaktivitet. I tillegg må den overordna profilen sjåast i samanheng med nokre grunnleggande premissar for å kunne oppnå status som universitet. HVL må for det første tilby gjennomgåande studieløp frå bachelor-til ph.d.-nivå innan minimum fire fagområde (studiekvalitetsforskrifta § 3-8, 3. ledd). Vidare må høgskulen ha stabile fagmiljø med høg kompetanse innan både utdanning, forsking og utvikling, som legg grunnlag for denne utviklinga (studiekvalitetsforskrift §3-8, 1. ledd). Så vel utdanning som FoU-verksemde skal halde høg internasjonal kvalitet, samstundes som studia må ha eit tilstrekkeleg studentgrunnlag og

³ Omgrepet arbeidsliv inkluderer samfunnsliv i prosjektgruppa si forståing

god gjennomstrøyming over tid på alle tre nivåa (forslag til ny studietsynsforskrift § 3-4 , § 2-2. 12. ledd, § 3-1. 4. ledd).

Prosjektgruppa har valt å presentere profilen gjennom to hovudstrukturar: 1) tre profilområde som grupperer den faglege aktiviteten som HVL i dag har samla sett og 2) fem tverrgåande synergiområde som viser potensial for vidare strategisk utvikling på tvers av organisasjonen, også med sikte på å realisere den profesjons- og arbeidslivsretta ambisjonen ved HVL (sjå kap. 4).

Alle universitet og høgskular har krav om å fastsetje eigne mål for verksemda. Desse skal byggje opp under måla som er sett for heile sektoren, og vise kva for profil og utviklingsstrategi den enkelte institusjonen har⁴. Utviklinga av faglege profilar er viktig for at HVL i framtida skal vere rusta til å ivareta fullmakter og mynde som eit universitet har, særskilt ved akkreditering av studium. Dette inneber at ein har fagmiljø som både kan vidareutvikle og skape nye utdanningstilbod innanfor institusjonens faglege profil, og som evnar å skape ein god samanheng mellom utdanning og forskings- og utviklingsarbeid. I tillegg skal den faglege profilen plassere institusjonen i UH-landskapet, både nasjonalt og internasjonalt.

Ved utforminga av profilområda er det teke utgangspunkt i både etablerte ph.d.-utdanninger og pågående ph.d.-søknader for å finne omgrep som kan definere profilområda. Sidan storparten av utdanningstilboda ved HVL er på bachelor- og masternivå, vil den faglege breidda også på dette nivået vere grunnlag for profilarbeidet.

Målet om at HVL skal ha ein klar profesjons- og arbeidslivsprofil set nokre rammer i forhold til utvikling av fagleg profil. Ein ser i dag ei utvikling mot ei «forenkling» av nasjonale rammeplanar for profesjonsstudiar, samstundes som det går mot ei sterkare nasjonal styring av kva som skal kjenneteikne kvalitet i høgare utdanning generelt. Samstundes har utdanningsinstitusjonane sterke føringar når det gjeld å ivareta kunnskapstriangelet utdanning – forskning – innovasjon. For profesjonsutdanningane betyr dette at studia kan ha eit felles fagleg innhald, men at ein gjennom læringsmetodar og forskingsbasert undervisning sikrar utviklinga av ein særskilt fagleg profil for den enkelte institusjon.

Oppsummert er det fylgjande moment som legg grunnlaget for dei føreslegne faglege profilområda:

- Relevans i høve samfunns-, kultur-, arbeids- og næringsliv regionalt og nasjonalt
- Eksisterande utdanningstilbod og forskingsmiljø
- Potensial for utvikling i utdannings-, i fag- og forskingsmiljø

Inndelinga i profilområde er ikkje meint å leggje føringar for fakultets- og instituttstrukturen i HVL, men å legge nokre rammer for fag-, utdannings og forskingsområde som vi meiner naturleg heng saman. Samstundes er det også viktig å merke seg at fleire av profilelementa kan høyre naturleg inn under fleire av profilområda, noko som også kjem fram seinare i rapporten der vi presenterer forslag til tverrgåande synergiområde.

⁴ Orientering om forslag til statsbudsjettet 2017 for universitet og høgskular, s 4:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/4e0529414f2d4ee5951a1525ad7bb266/orientering-om-forslag-til-statsbudsjettet-2017-for-universiteter-og-hogskolar.pdf>

Profilskildringa er meint å gje nokre klare retningar for kva for område som står fram som komplementære og sterke i dag, og kva for tverrgåande synergiområde som, slik vi ser det, har særskilt potensial for utvikling av utdannings- og forskingsfelta ved HVL. Overordna strategiske føringer som ligg bak fusjonen, har vore eit viktig bakteppe for vurderingane som er gjort her.

Profilområda er summarisk beskrivne i matrisa nedanfor; først med ei opplisting av dei profilelementa som konstituerer profilområdet, så med ei opplisting av faglege spesialområde der HVL kan hevde seg nasjonalt, og deretter dei områda der HVL har potensial for å hevde seg internasjonalt. Utvalet av desse spesialområda er basert på ei heilskapleg vurdering av profilelementa, breidde og omfang på fagmiljø og utdanninger, gjennomslagskraft i publisering, ekstern finansiering (EU-finansiering internasjonalt), utdanningskvalitet og nettverk (nasjonale og internasjonale) og internasjonal sampublisering (internasjonalt). Øvst i matrisa ligg dei tverrgående synergiområda som blir presenterte i kap. 4.

Seinare i teksten blir følgjande tre profilområda beskrivne og grunngjevne kvar for seg:

- | | |
|----------------|--------------------------------|
| Profilområde 1 | Helse, omsorg og velferd |
| Profilområde 2 | Danning, kultur og samfunn |
| Profilområde 3 | Teknologi berekraft og samfunn |

Tverrgående synergiområde			
Profilområde	Barn, unge og oppvekst	Folkehelse og helsefremjing	Berekraftig utvikling og sikkerheit
Profilelement	IKT som mulighetsområde	Ansvarleg innovasjon og regional omstilling	
Helse, omsorg og velferd			
Profilelement	<ul style="list-style-type: none"> Implementeringsforskning Klinisk helsearbeid Klinisk kompetanse Livsstil, helse og livskvalitet <ul style="list-style-type: none"> Omsorgstenester Psykisk helse og rus Samhandling Sosialt arbeid og samfunnsarbeid 	<ul style="list-style-type: none"> Fag og allmenndidaktikk Idrett Kunst- og kulturfag Læring og nye medium <ul style="list-style-type: none"> Oppvekst, demokrati og mangfold Språk og litteratur Utdanningsleiling 	<ul style="list-style-type: none"> Brannsikkerhet Hav og maritimt Helseteknologi Innovasjon Klimaomstilling og berekraftig utvikling Miljø og sikkerhet <ul style="list-style-type: none"> Naturvitenskap og planlegging Organisasjon og leiing Teknologi og energi Økonomi
Nasjonalt	<ul style="list-style-type: none"> Implementeringsforskning og kunnskapsbasert praksis Klinisk helsearbeid 	<ul style="list-style-type: none"> Livsstil, helse og livskvalitet Omsorgsforskning Psykisk helse og rus Samhandling <ul style="list-style-type: none"> Barnehageforskning Barne og ungdomslitteratur Idrett IKT i læring Matematikk-didaktikk <ul style="list-style-type: none"> Performativ kunst og kulturfag Profesjons- og praksisnær utdanningsforskning Utdanningsleiling 	<ul style="list-style-type: none"> Ansvarleg leiing, organisasjon og økonomi Brannsikkerhet Datateknologi Entreprenørskap og innovasjon <ul style="list-style-type: none"> Miljø og berekraftig utvikling Nautikk Regional økonomi historie og utvikling
Internasjonalt	<ul style="list-style-type: none"> Care research 	<ul style="list-style-type: none"> Evidence Based Practice <ul style="list-style-type: none"> Creativities, Arts and Science in Education 	<ul style="list-style-type: none"> Glocal Teacher <ul style="list-style-type: none"> Computer Science Entrepreneurship and innovation Environmental Science and Sustainable Development <ul style="list-style-type: none"> Fire Safety Nautical and maritime operations

3. Profilområde

For dei ulike profilområda som er valt, gir vi her ei skildring og ein argumentasjon for val av det enkelte profilområde og synleggjer ulike profilelement. Vi peikar òg på område der HVL kan vere nasjonalt leiane og område der HVL har særleg mulegheit for å lukkast internasjonalalt (*mandatområde 3, 6 og 7*). Det kvantitative grunnlaget for kvart av desse områda og for profilområda samla sett er framstilt samla i eit faktaark som er vedlagt denne rapporten (sjå vedlegg 1). I tillegg til kvalitative beskrivelsar innheld faktaarka informasjon om storleik på fagmiljøet (første- og toppkompetanse) og publiseringaktivitet. Det er viktig å presisere at val av mulege område med nasjonal eller internasjonal posisjon, er basert på ei heilskapleg vurdering av fleire element enn det som kjem til syne i det kvantitative grunnlaget.

3.1 Profilområde 1: Helse, omsorg og velferd

Dette profilområdet veks fram av helse- og sosialfaga ved HVL. Gjennom utdanning og forsking skal HVL medverke til betre tenester, behandling og omsorg til pasientar og brukarar i alle livsfasar. Ein ph.d. i helsevitenskap der omgrepa helse, funksjon og deltaking er sentrale, er under arbeid og vil styrke dette profilområdet. Ph.d.-utdanninga byggjer på eit samfunnsvitskapleg perspektiv på helse som vektlegg at helseproblem kan forståast som resultat av sosiale praksisar og strukturelle miljøvilkår. I det ser ein potensialet det samla fagmiljøet har når det gjeld å byggje ny kunnskap innan helsefeltet, og utvikle metodar for å implementere forskingsbasert kunnskap i praksis.

Ein vesentleg del av både utdanningstilbod og forskingsområde i HVL er retta mot spesialist- og kommunehelsetenesta og mot eldre og brukarar med samansette, komplekse og langvarige helseutfordringar. I dette ligg også utvikling av helse- og velferdstjenester gjennom bruk av ny teknologi, kunnskapsleiring og samhandling i førstelinja, og til sosial innovasjon og endring. Felles for helse- og sosialfagleg arbeid er at ein blir utfordra på aktiv samhandling på ulike nivå.

HVL har eit veksande tverrfagleg miljø innan både oms og samhandlingsforskning og gir tverrfaglege masterutdanningstilbod i både samhandling og samfunnsarbeid. Vidare er klinisk helsearbeid, som mellom anna inneber kompetanse i utgrieing og kartlegging, pleie, behandling og rehabilitering av pasientar med akutt, kritisk eller kronisk sjukdom, og psykisk helse eit felt som omfattar fleire fag og utdanninger både på bachelornivå og masternivå. Sentrale forskingsområde er brukarmedverknad, livskvalitet, pasientsikkerheit, førebygging og rehabilitering. Forsking innan sjukdomshandtering og endring av livsstil er retta mot ikkje-smittsame sjukdommar. I tillegg har HVL både utdanning og forsking innan reproduktiv helse. Innan felta som omhandlar svangerskap, barn og familie, ser ein migrasjon som eit forskingsområde i utvikling.

Forsking innan biomedisin og genetikk, biobankar og offentlege helsedata, digitalisering og helseteknologi skapar nye muleheder for innovasjon i helse og velferd. Dette er område der bioingeniør- og ingeniørfag møter helsefag. Her er forskingsmiljøa ved HVL i god utvikling mellom anna ved bruk av det medisinsk-tekniske utstyret som ein i dag har ved høgskulen..

Sterke forskingsmiljø innan området er omsorgsforskning og forsking innan klinisk helsearbeid. Det siste området famnar vidt og inkluderer forskingsmiljø som forsking innan diabetesforskning og fedmeforskning.

Profilelement som veks frå den samla utdannings og FoU-verksemda knytt til helse, omsorg og velferd er:

- **Implementeringsforskning** og kunnskapsbasert praksis som metode og arbeidsmåte
- **Klinisk helsearbeid**, som inkluderer førebygging, utgreiing/kartlegging, behandling og (re)habilitering ved ulike helsetilstandar.
- **Klinisk kompetanse**, som inkluderer praksis som læringsarena, simulering som læringsmetode og kunnskapsbasert praksis som metode og arbeidsmåte.
- **Livsstil, helse og livskvalitet**, som inkluderer fysisk aktivitet, ernæring og folkehelse.
- **Omsorgstenester**, som inkluderer rehabilitering, helsefremming, velferdsteknologi og innovasjon.
- **Psykisk helse og rus**
- **Samhandling**, som inkluderer pasientsikkerheit, brukarmedverknad og velferdstenester.
- **Sosialt arbeid og samfunnsarbeid**, som inkluderer barnevern og migrasjon.

3.1.1 Område HVL kan hevde seg nasjonalt

Basert på ei heilskapleg vurdering av profilelementa, breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet, skil følgjande område innanfor helse, omsorg og velferd seg ut som moglege område med nasjonal posisjon.

Implementeringsforskning og kunnskapsbasert praksis

Implementeringsforskning vektlegg utvikling av kunnskap om korleis resultat frå forsking kan nyttast i praksis og i utdanning. I tillegg dreier det seg om å utvikle kunnskap om metodar for evaluering av helse- og sosialfagleg praksis og forskingspraksis. Metodane omfattar både systematiske oversikter, komplekse intervensionsstudier og andre typar kvantitative og kvalitative analysar. Gjennom eit veksande miljø innan implementeringsforskning og metodeutvikling svarar HVL, som eitt av få miljø i Noreg, på ein etterspurnad nasjonalt. Senter for kunnskapsbasert praksis ved HVL støttar opp under «Helseomsorg 21» gjennom implementering av kunnskapsbasert praksis. HVL vil som einaste utdanningsinstitusjon i Noreg tilby master i kunnskapsbasert praksis, og forskingsmiljøet er viktig i bygging av ph.d. i helsevitenskap.

Klinisk helsearbeid

Klinisk helsearbeid inneber mellom anna kompetanse i utgreiing og kartlegging, pleie, behandling og rehabilitering av pasientar med akutt, kritisk eller kronisk sjukdom, og psykisk. HVL tilbyr fleire masterutdanningar på dette feltet og miljøet rundt masterutdanningane er eit viktig grunnlag for utvikling av ein ny ph.d. i helsevitenskap. Forskingsmiljøet kring diabetessjukepleie, som forskar på pasienterfaringar og opplevelingar med å leve med diabetes, står sentralt her. Dette miljøet har utmerka seg både gjennom publiseringsskvalitet og ekstern finansiering. I tillegg har HVL eit stort forskingsmiljø innan områda bevegelse og funksjon. Forskinga har som mål å gje auka forståing for sjukdom og helse, spesielt innan muskel-skjelettsplager og psykiske lidningar, og i grenseoppgangen mellom desse. Med SimArena, som omfattar 25 spesialrom, tilbyr HVL studentane ein viktig arena for øving og simulering av situasjonar som vil oppstå i arbeidskvardagen for helseprofesjonane våre. Dette er den største læringslaben i sitt slag nasjonalt.

Livsstil, helse og livskvalitet

Dette er eit område som omfattar både helsefag og idrettsfag. Miljøet har særleg utmerka seg gjennom forsking kring pasienterfaringar og sjølvrapportert helse, samt fysisk aktivitet og ernæring som viktige faktorar ved livsstilsendring. Forskingsområda fysisk aktivitet, ernæring og folkehelse relaterer seg til master i idrettsvitenskap og bachelors i folkehelse. Eit større forskingsmiljø på tvers i HVL rettar seg mot helse og livskvalitet ved livsstilssjukdom og kronisk sjukdom. Her har fedmeforskingsmiljøet markert seg gjennom utvikling av kunnskap som kan gje betre behandlingsresultat, rehabilitering og oppfølging av sjukeleg overvektige personar. Forskingsmiljøet har god ekstern inntening og syner igjen

nasjonalt og internasjonalt gjennom omfattande vitskapleg og populærvitskapleg formidling. I tillegg har HVL eit forskingsmiljø som ser på korleis sjukdom og behandling påverkar livskvalitet, helsefremming og auka deltaking i samfunnet for ulike pasientgrupper. Fagmiljøet og forskingsområda har ei sentral rolle i utvikling av ph.d.-utdanninga i helsevitenskap.

Omsorgsforskning

Omsorgsforskning rettar seg mot pleie- og omsorgssektoren. Fokus er på omsorgstenester i kommunane, med særleg vekt på eldreomsorg. Dette betyr at tenesteforskning er eit sentralt forskingsområde, i tillegg til demensomsorg, kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. På denne måten representerer omsorgsforskning eit tverrfagleg felt. Ei forskingsgruppe med brei deltaking fra ulike campus arbeider med grunnlagstenking knytt til omsorg. Forskingsmiljøet har siste åra henta inn eksterne midlar til fleire store forskingsprosjekt og kan vise til ei omfattande liste av publikasjonar. Innafor dette området vil Senter for omsorgsforskning vest vere eit viktig knutepunkt for både forsking og bygging av utdanningstilbod. I tillegg har HVL ein master i klinisk helse og omsorgsvitenskap. Omsorgsforskning er ein sentral del av fagmiljøet kring sjukepleieutdanningane.

Psykisk helse og rus

Forskningsmiljøa kring psykisk helse og rus har brukarmedverknad som ein felles ledetråd. HVL har utdanninger på fleire nivå som rekrutterer godt på feltet, og har nyleg fått akkreditert ein tverrfagleg master på området. Her har miljøa særleg føresetnad til å markere seg nasjonalt gjennom implementering av eit klinisk tilbakemeldingsinstrument som er basert på brukarinvolvering. At både pasientar og brukarar samt pasient- og brukarrepresentantar medverkar på individ- og systemnivå, er både eit verkemiddel for å heve kvaliteten på tenestene og ein demokratisk verdi i seg sjølv. Eit solid miljø er under oppbygging gjennom fleire ph.d.-prosjekt og tilslag på eksterne midlar.

Samhandling

Samhandling er eit område som har stort potensial til å få ein nasjonal posisjon, tufta på tverrfaglege forskningsmiljø innan mellom anna kommunal tenesteinnovasjon og kunnskapsleiing i førstelinja. Desse fagmiljøa har bidrige med både vitskaplege publiseringar og lærebøker, i tillegg til større og mindre prosjekt som er utvikla i samarbeid med kommunar og helseføretak. HVL tilbyr masterutdanninger som byggjer på prinsippa i samhandlingsreforma, som heilskaplege tenester og pasientforløp. HVL har også kompetanse her som svarar på eit nasjonalt behov for samhandling og gode pasientforløp på tvers av forvaltningsnivå. HVL har, i samarbeid med helseføretak og kommunar i Sunnhordland og Nord-Rogaland, etablert ei eiga FoU-eining for samhandling, FoUSAM, basert på erfaringar frå utprøving av «helsetorgmodellen». Denne modellen har markert seg nasjonalt og kan vere inspirasjon for utvikling av HVL si regionale rolle innan helse, omsorg og velferd.

3.1.2 Område der HVL har særlege mulegheiter for å lukkast internasjonalt

Basert på ei heilskapleg vurdering der ein også legg vekt på finansiering frå internasjonale kjelder, student- og lærarmobilitet og internasjonal nettverkstilknytting og sampublisering, skil følgjande to område innanfor profilområdet «Helse, omsorg og velferd» seg ut med særleg mulegheiter for å lukkast internasjonalt:

Evidence Based Practice

Fagmiljøet rundt kunnskapsbasert praksis (Evidence based practice) kan lukkast internasjonalt. Det er samansett av svært anerkjente nasjonale og internasjonale forskrarar på feltet. Fagmiljøet har henta inn ekstern finansiering til fleire store forskingsprosjekt og kan vise til ei omfattande publiseringssiste i blant anna svært anerkjente tidsskrift. HVL leier også nettverket «The Evidence-Based Research Network» som omfattar sentrale internasjonale forskrarar. Senter for kunnskapsbasert praksis har

henta inn eksterne midlar til fleire større forskingsprosjekt og har publikasjonar i dei best rangerte tidskrifta. Eit Harkness Fellowship-stipend har blitt tildelt eit medlem av gruppa.

Care Research

Av dei områda som er nemnde ovanfor som kan markere seg nasjonalt, kan omsorgsforskning trekkjast fram som eit miljø som kan lukkast internasjonalt. Dette handlar både om den posisjonen omsorgsforskning allereie har gjennom ulike forskingsprosjekt med internasjonal deltaking og sampublisering, og den styrken dette miljøet har gjennom det at ein kan spele på eit breitt fagmiljø på tvers av ulike utdanninger og forskingsfelt i HVL.

3.2 Profilområde 2: Danning, kultur og samfunn

Danning er eit sentralt omgrep for HVL sine satsingar innan dei utdanningsretta profesjonsområda ved høgskulen, og gir, saman med omgrepet didaktikk, kursen for den faglege profileringa. Dette dreier seg om dei store lærarutdanningane; grunnskulelærarutdanninga og barnehagelærarutdanninga, men også ei eventuelt framtidig lektorutdanning, og didaktisk retta fagstudium pluss omfattande etter- og vidareutdanningsverksemd, der læring og undervisning er dei sentrale faglege temaa. Viktige overordna område for forsking på dette feltet er: skule- og skuleutviklingsforskning, barne- og ungdomsforskning, undervisning- og didaktisk forsking (allmenndidaktisk og fagdidaktisk) og profesjonsforskning knytt til utdanningsfeltet.

HVL si forsking på desse områda skal kome studentar, skuleeigarar, og, ikkje minst, elevar til gode. HVL vil vere den UH-institusjonen som utdannar flest grunnskulelærarar i landet (i følge Kunnskapsdepartementets kandidatmåltal), og vil med det få ein betydelig nasjonal posisjon i kraft av storleik.

Sentralt i dette profilområdet står ph.d.-programmet *Studier av danning og didaktiske praksiser*. Her vert danning sett på som noko som blir til, utforska og forstått gjennom ulike slag didaktiske praksisar, og noko som skjer i spennet mellom deltaking i samfunnsformande aktivitetar, og frigjering frå fasttømra strukturar. Her er det viktig også å forstå danning i spennet mellom nære, lokale prosessar og utfordringar i eit fleirkulturelt og globalt landskap. Didaktiske praksisar er forstått som praksisar utvikla i samspel mellom lærande, lærarar og lærarutdannarar. Dette dreier seg om å forstå danning i lys av allmenn danningsteori, men også i lys av faga sin didaktikk.

Eit breitt kulturomgrep grip både kunst-, idretts- og språkfaga. Saman med samfunnsfaga gir desse eit grunnlag for å kople dannings- og læringsperspektivet til emne som til dømes oppvekst, demokrati, medborgarskap, samfunnsengasjement, deltaking og kulturelt mangfold.

Profilelement som veks frå den samla utdannings og FoU-verksemda knytt til Danning, kultur og samfunn er:

- **Fag og allmenndidaktikk**
- **Idrett**
- **Kunst- og kulturfag**
- **Læring og nye medium**
- **Oppvekst, demokrati og mangfold**
- **Språk og litteratur**
- **Utdanningsleiing**

3.2.1 Område der HVL kan hevde seg nasjonalt

Basert på ei heilskapleg vurdering av profilelementa, breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet, skil følgjande område innanfor «Danning, kultur og samfunn» seg ut med muleg nasjonal posisjon.

Barnehageforskning

Barnehageforskning er eit breitt område med barnehagen og barnehagelærarutdanninga som felles forskingskontekst. Forskinsaktiviteten omfattar både allmenndidaktiske og fagdidaktiske tilnærmingar i tillegg til organisasjon og leiing. Barnehagelærarutdanninga ved HVL er blant dei største i landet og tilbyr utdanningar både på bachelor- og masternivå. Samstundes har miljøa, som kan karakteriserast som til dels komplementære, utvikla spesialkompetanse på alternative organiseringsformer innan barnehagelærarutdanning. Innan barnehageforskning har HVL klart å etablere ein sterk posisjon nasjonalt, med tematisk brei og omfattande forskings- og publiseringssportefølje. I tillegg er feltet knytt til ph.d.-programmet *Studier av danning og didaktiske praksiser* gjennom eit eige ph.d.-kurs. Barnehageforskingsmiljøet kan vise til omfattande ekstern finansiering både av forskingsprosjekt og utviklingsaktivitet knytt til utdanninga.

Barne- og ungdomslitteratur

Barne- og ungdomslitteratur som fagfelt er knytt til både allmenn litteraturvitenskap, danningsteori og kunstfagdidaktiske problemstillingar. Barne- og ungdomslitteratur er eit felt der institusjonane bak HVL har markert seg klart nasjonalt, både på forskingsfeltet med tilhøyrande publiseringssaktivitet, men også ved at institusjonen er vertskap for ein eigen, unik barnelitteraturfestival, Falturiltu. Her ligg også eit stort potensial i å utvikle ein nasjonal leiande posisjon knytt til nynorsk litteratur. HVL har eige masterstudium på feltet. leiande posisjon knytt til nynorsk litteratur. HVL har eige masterstudium på feltet.

Idrett

HVL sitt fagmiljø innan idrett har samla sett høg kompetanse på fleire felt, frå toppidrett til friluftsliv og med viktige didaktiske komponentar, der kroppsøving, fysisk aktivitet og fostring er viktige profilelement. Idretts- og kroppsøvingsmiljø er sterkt, med stor breidde i utdanningsporteføljen, også på masternivå. Fagmiljøet har høg forskingsaktivitet og kan vise til ein omfattande publiseringssportefølje. HVL har etablert fleire topp moderne laboratorium for fysiologisk testing og bevegelsesanalyse. I tilknyting til dette er det mellom anna utvikla eit forskings og utviklingssamarbeid med Olympiatoppen Vest-Norge..

IKT i læring

IKT i læring beskriv eit eksisterande satsingsområde ved HVL og utgjer samstundes ei operasjonalisering av HVL sin overordna strategi om å satse på digitalisering også i utdanning og forsking. Forsking, utvikling og utprøving knytt til bruk, integrering og nytte av IKT i pedagogisk praksis og teori står sentralt. Danninga av HVL fører til ei naturleg kopling mellom operative undervisningsmiljø, forskingsretta miljø og miljø med meir «hands-on»/«to do»-mediekompetanse. HVL har ei eiga masterutdanning med god rekruttering i IKT i læring, og fagmiljøet bidreg inn mot fleire av utdanningane når det gjeld bruk av IKT i undervisninga. Forskinsfeltet kan vise til fleire eksternt finansierte prosjekt knytt til både forsking og utvikling, med differensiert og omfattande publisering. Institusjonen har ei lang historie som nasjonalt føregangsmiljø på feltet.

Matematikkdidaktikk

Når det gjeld matematikk, har HVL ein leiande posisjon i Norden innan praksisnær, undersøkjande og

kritisk matematikk-didaktikk, der læringssamtalen er eit sentralt særtrekk. Fagmiljøet har òg redaktøransvar for eit anerkjent norsk tidsskrift på feltet. Det vert òg satsa på andre viktige emne, som til dømes pedagogisk entreprenørskap i matematikkfaget, forsking på lærermiddel og «mathematical literacy.» Matematikkdidaktikk tilbyr eit eige forskarkurs innan ph.d.-programmet Studier av danning og didaktiske praksiser.

Performative kunst og kulturfag

Kunst- og kulturfag er saman med kunstfagdidaktikk eit tydeleg område i HVL som kan hevde seg nasjonalt, spesielt knytt til performative kunstfag som musikk og drama, men også til litteraturfeltet. Feltet har omfattande og brei utdanningsportefølje både på bachelor- og masternivå, og tilbyr også eit eige forskarkurs innanfor ph.d.-programmet Studier av danning og didaktiske praksiser. På forskingssida har institusjonen alt etablert ein nasjonal posisjon, mellom anna gjennom etablering av to senter og med sentrale roller i etableringa av ein tverrinstitusjonell og aktiv forskarskule på ph.d.-nivå innan musikkfeltet, Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies (GRS). Fagmiljøa på dei ulike campus er til dels komplementære. Fagmiljøet har høg forskings- og publiseringaktivitet, mellom anna basert på omfattande nasjonal og internasjonal finansiering.

Profesjons- og praksisnær utdanningsforskning

HVL sin profil innan profesjons- og praksisnær utdanningsforskning er knytt til fleire område der HVL samla sett står sterkt nasjonalt. Dei fagdidaktiske miljøa, både humanistiske, samfunnsfaglege og realfaglege, er samla sett sterke og til dels komplementære. I tillegg til matematikk-didaktikk er språkdidaktikk og språkvitskap også viktige område for HVL i lys av lærarutdanninga si satsing på grunnleggjande ferdigheter. Dette er òg eit sentralt forskingsfelt i alle dei norskfaglege miljøa i HVL, med stor publiseringssportefølje. Særleg aktuelt er dette feltet i og med etableringa av dei nasjonale språksamlingane på Vestlandet. HVL er også sentral i utviklinga av nettverk for nynorskforskning i UH-nett Vest. Vidare har HVL sterke miljø innan samfunnsfagdidaktikk, med brei utdannings- og forskingsaktivitet knytt til generell samfunnsfagdidaktikk, organisasjon og leiing og felt som mangfold/ fleirkulturalitet og miljø/berekraft. Her har fagmiljøet også etablert sterke internasjonale nettverkskontaktar.

Lærarprofesjonalitet er eit forskingsfelt som bidrog sterkt til etablering av ph.d.-programmet Studier av danning og didaktiske praksiser. Det vil vere eit viktig felt her. Dette forskingsområdet vert også styrkt av ein tematisk brei forskingsaktivitet knytt til pedagogikkfeltet, der miljøet også har redaktøransvar for eit sentralt nordisk tidsskrift innan utdanningsforskning.

Fagmiljøa frå fleire campus ved HVL har etablert ein markert nasjonal og til dels internasjonal posisjon innan lærarutdanningsforskning, mellom anna gjennom sentrale roller i etablering og drift av den nasjonale forskarskulen for lærarutdanning, NAFOL. Fagmiljøet er også knytt opp mot sterke internasjonale nettverk på feltet og har hatt betydeleg ekstern finansiering av forskings- og utviklingsaktiviteten.

Vurderingsforskning er også eit felt der HVL står sterkt både nasjonalt og internasjonalt, både i form av publiseringssverksemrd, drift av store forskingsprosjekt og fagleg nettverkstilknyting på høgt internasjonalt nivå. Her kan institusjonen vise til omfattande ekstern finansiering, høg publiseringaktivitet og sterkt nettverkstilknyting internasjonalt.

Utdanningsleiing

HVL har eit tungt fagmiljø innan utdanning og forsking på skule- og barnehageleiing som har utvikla eit tett og unikt samarbeid med regionale aktørar om leiarutvikling på ulikt nivå. Forskingsmiljøet på feltet har klart markert seg på nasjonalt nivå, med omfattande publiseringssverksemrd. Utdanningsverksemda på dette feltet har også sterke innslag av ekstern finansiering

3.2.2 Område der HVL har særlege mulegheiter for å lukkast internasjonalt

Basert på ei heilsakleg vurdering der ein også legg vekt på finansiering frå internasjonale kjelder, student- og lærarmobilitet og internasjonal nettverkstilknytting og sampublisering, skil følgjande område innanfor «Danning, kultur og samfunn» seg ut med særlege mulegheiter for å lukkast internasjonalt:

Creativities, arts and science in education

HVL har på kort tid etablert ein internasjonal leiarposisjon når det gjeld fagleg kopling mellom kunstfag og naturvitenskap innan utdanningsfeltet, samla i satsingsfeltet *Creativities, Arts and Science in Education*. Dei involverte prosjekta har både nasjonal (NFR) og internasjonal finansiering (I Horizon2020 og Erasmus +). Aktiviteten er knytt opp i mot eit sterkt internasjonalt nettverk, tyngst festa i Europa, men også med tilknyting til sterke universitetsmiljø i USA og Canada. HVL si rolle er å leie arbeidet med utviklinga av samspelet mellom kunstfag og naturvitenskap. Den didaktiske kjernen i aktivitetane er knytt til global samproduksjon av opera med tematikk frå naturvitenskap, eit konsept som vart utvikla gjennom tidlegare EU-finansiert aktivitet. Det er for tida fleire EU-orienterte prosjekt i drift og under utvikling med forankring i det same nettverket.

Glocal teachers

Omgrepet Glocal beskriv eit perspektiv der lokale og globale problematikkar vert kopla saman. Dette grip ei rekke ulike tematikkar mellom anna knytt til profesjons- og praksisnær utdanningsforskning. Innafor utdanningsfeltet inneber dette å sjå globalisering, nasjonalstatlege og lokale utfordringar i samanheng med læreplanar, lærerestoff og undervisning i skule og barnehage. T.d. dreier dette seg om internasjonale mediekulturar og multikulturalisme som no pregar klasserom og barnehagar på tvers av landegrenser og institusjonstradisjonar, og om korleis dette påverkar born og vaksne si meinings- og identitetsdanning og vidare føresetnader for undervisning og læring. Deler av aktiviteten på dette feltet er mellom anna knytt til eit langsiktig nettverkssamarbeid med utdanningsmiljø i Kina.

Førebelts er forskings- og publiseringaktivitetane innan *Glocal teachers* noko begrensa, men satsingsområdet har ein viktig posisjon innan ph.d.-programmet *Studier av danning og didaktiske praksiser* og har godt potensial til vidare utvikling. Her vil både dei pedagogiske og ulike fagdidaktiske miljøa, som t.d. samfunnsfag, kunne bidra.

3.3 Profilområde 3: Teknologi, berekraft og samfunn

Dette profilområdet femner om fleire utdanninger og forskingsfelt innan ingeniørfag, naturfag, samfunnsfag, nautikk og økonomisk-administrative fag. Utdanningsporteføljen er omfattande og brei både på bachelor- og masternivået. HVL har også nyleg fått akkreditert eit ph.d.-program i *Data teknologi/Computer Science: Software Engineering, Sensor Networks and Engineering Computing*, der forskingsinteressa i særleg grad er retta mot systemdesign og bruk av datateknologi i tverrfagleg forsking. HVL er også partner i eit samarbeids ph.d.-program innan *Nautical operations*, som kvalifiserer kandidatar til forsking og forskingsbasert undervisning og innovasjonsarbeid innan maritim satsing og aktivitet. HVL kan difor tilby heile utdanningsløp frå bachelor til ph.d. på begge desse områda. I tillegg er eit doktorgradsstudium i «Innovasjon i eit profesjons- og samfunnsperspektiv» under utvikling.

HVL har også eit sterkt fagmiljø som ser eit særleg ansvar i å møte utfordringar i samfunnet som kan

knytast til behovet for nye teknologiske og berekraftige løysingar innanfor område som sikkerheit, fornybare energiformer, havteknologi, bygg, eideom og arealplanlegging, klimaomstilling og geofare, økologi og maritim næring. Til dømes har forskingsprogrammet «Fornybar energi» eit tyngdepunkt i samfunnsvitskap gjennom prosjekt som skal auke kunnskapen om lokale, økonomiske og miljømessige sider ved auka produksjon og bruk av fornybar energi. Mulegheitene ved kysten og i havet som ein verdifull ressurs som kan bidra til berekraftig næringsutvikling, som til dømes ferdsel, havbruk og vidare utvinning av ressursane på havbotnen, er tekne inn i utdanningstilboda innan teknologi, miljøvitskap, nautikk og brannsikkerheit.

Gjennomgripande endringar i samfunn og miljø (t.d. migrasjon og klimaendringar) krev også omstilling av strukturane i samfunnet. Berekraftig utvikling må til for å kunne takele utfordringane desse endringane medfører. Korleis slik utvikling og omstilling skal skje, krev kunnskap innan samfunnsvitskap, historie, økonomi, organisasjon og leiing. HVL tilbyr utdanningar innan alle desse områda.

Vi har identifisert følgjande profilelement:

- **Brannsikkerhet**
- **Hav og maritimt**
- **Helseteknologi**
- **Innovasjon**
- **Klimaomstilling og berekraftig utvikling**
- **Miljø og sikkerhet**
- **Naturvitskap og planlegging**
- **Organisasjon og leiing**
- **Teknologi og energi**
- **Økonomi**

3.3.1 Område der HVL kan hevde seg nasjonalt

Basert på ei heilsakleg vurdering av profilelementa, breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet, skil følgjande område innanfor teknologi, berekraft og samfunn seg ut som mulege område med nasjonal posisjon:

Ansvarleg leiing, organisasjon og økonomi

Ansvarleg leiing, organisasjon og økonomi representerer store fagfelt innan økonomi- og administrasjon, organisasjonsfaga og samfunnsvitskap. Økonomi, organisering og politikk er tett knytt saman. Den tredelte botnlinja kan summere opp profilen: Ansvarleg leiing, organisasjon og økonomi skal gje kunnskap for *økonomisk-, sosial og miljømessig berekraft*. Fagmiljøet «Forvaltning, administrasjon, organisasjon, profesjon og leiing» gir viktige bidrag inn mot det å skape stabilitet i offentleg og privat verksend. Endring, omstilling og innovasjon er avhengig av godt organiserte leveringssystem. Globalisering, liberalisering og de-regulering har hatt bi-effektar som sosial dumping, auka ulikskap, migrasjon og politisk uro i mange land. Klimakrisa, skatteflukt, og arbeidslivskriminalitet krev rettferdig regulering som gjev like konkurransevilkår. Difor er omgrepet «ansvarleg» med i denne profilen. Grønt skifte og berekraftig innovasjon har behov for gode yrkesutøvarar, profesjonskompetanse, leiarar og gode modellar for organisering. HVL har sterke forskings- og utdanningsmiljø for desse faga, inklusive bachelorutdanningar med store studentkull og i alt tre mastergrader. Fagmiljøet er i dag samla sett ein svært viktig bidragsyta til undervisningslitteratur innan økonomi og leiing på nasjonalt nivå.

Brannsikkerhet/Fire Safety

Brannutdanninga på bachelornivået ved HVL er unik i Norge. På masternivået er HVL éin av åtte institusjonar i verda som tilbyr masterutdanning innan brannsikkerhet. Dette gjer Fire Safety til eit område som utmerkar seg også internasjonalt. Forskinga på feltet, basert på simulering og bruk av matematiske modellar, har omfattande ekstern finansiering. Miljøet har stor forskingsaktivitet innan ulmebrann, og har eit pågående eksternt finansiert prosjekt med internasjonale samarbeidspartnarar. Fleire stipendiatar er knytte til prosjektet.

Datateknologi / Computer Science

Datateknologi omhandlar alt frå sensor- og måleteknologi, via nettverk og kommunikasjon til programvare og datasystem for tolking, analyse, lagring og bruk av data, til dømes til å styre ulike prosessar. Dette vert realisert i ulike datasystem i alt frå store datamaskiner til smarttelefonar og nettbrett som i aukande grad er brukargrensesnittet ved hjelp av app-ar. Datateknologi er i ferd med å revolusjonere samfunnet innan fleire område, som til dømes helsesektoren, med velferdsteknologi som gjer at eldre kan bu lenger heime. Eit anna døme er omtala som Industri 4.0, med fabrikkar der maskiner kommuniserer med kvarandre og tilpassar operasjonar etter behov – i motsetnad til standardiserte produksjonslinjer. HVL har ein nasjonal og internasjonal posisjon på dette feltet (Computer Science) som er utvikla både gjennom høg kvalitetsforsking og samarbeid med regionalt og internasjonalt næringsliv. Denne posisjonen blir ytterlegare forsterka gjennom ph.d.-utdanninga i Datateknologi som vart akkreditert i 2016.

Entreprenørskap og innovasjon / Entrepreneurship and innovation

Innovasjon, entreprenørskap og omstilling vert utpeikt som særleg viktige innsatsområde for Vestlandet og Noreg i tida framover. HVL spelar ei aktiv og viktig rolle i denne omstillinga, og skal vere ein kompetent samarbeidspartner for regionalt nærings- og samfunnsliv. Forskingsmiljøa arbeider særleg med å forstå korleis innovasjonsprosessar utspelar seg innan ulike regionale kontekstar. Med dette koplingar til regionalt nærings- og samfunnsliv, og med ei relevantgjering av entreprenørskap i alle fagområde, legg HVL til grunn ei tilnærming og satsing på studententrepreneurship som går utover den smale modellen som tradisjonelt har prega feltet. Dette er med å gi ei leiande nasjonal rolle innan området.

Forskningsaktivitetane er i all hovudsak forankra i eksternt finansierte forskningsprosjekt der regionalt samfunns- og næringsliv i mange høve er mottakarar av forskinga gjennom forskingsbaserert rådgiving. Innovasjons- og entreprenørskapsforskinga ved HVL har eit særleg fokus på ansvarleg innovasjon og på anvendte problemstillingar som utforskar korleis verdiskaping og lønsemd kan fremjast og realiserast parallelt med eit grønt skifte og vidareføring av velferdssamfunnet. HVL tilbyr to masterutdanninger innan fagfelta innovasjon og entreprenørskap. Det vert også arbeidd med oppbygging av eit ph.d.-program innanfor temaområdet Ansvarleg innovasjon. Fagmiljøet har markert seg internasjonalt innanfor områda innovasjon og regional utvikling.

Miljø og berekraftig utvikling/Environmental Science and Sustainable Development

Dette tverrfaglege området spenner over fornybare energikjelder som vass-, vind- og solkraft, kraftdistribusjon, energiberarar som batteri- og hydrogenteknologi, energieffektive og miljøvenlege bygg og anlegg. Såkalla smarte hus og byar er ein viktig del av dette, også i forhold til areal- og landskapsplanlegging. HVL markerer seg med eit breitt utdanningstilbod på bachelor- og masternivå som tek opp korleis aktivitetar i samfunnet påverkar og vert påverka av naturen og miljøet rundt oss. Økologi, geologi og geofare og andre naturvitenskapar står sentralt i arbeidet med å forstå korleis naturen fungerer, korleis den vert påverka av ulike inngrep, og dermed korleis vi kan redusere konsekvensane av samfunnets påverkanad på miljøet. Berekraftig bruk av fornybare energiressursar er viktig for å få ei samfunnsutvikling der ein tek vare på miljøet, sikrar sosial likskap og økonomisk

utvikling. Anvendt og grunnleggende forsking ved HVL går inn som grunnlag for å sikre god arealplanlegging og berekraftig bruk av natur- og energiressursar.

Fagmiljøet har god nasjonal og internasjonal publisering, både bøker og tidsskriftpublikasjonar i anerkjente tidskrift. Fagmiljøet deltek m.a. i nasjonale forskingssenter for fornybar energi (FME), og leiar fleire større forskingsprosjekt og ei rekke med mindre nasjonale og regionale prosjekt. Miljøvitkskapane og fagmiljøa som arbeider med berekraftig utvikling, kombinerer regionale fordeler med eit internasjonalt perspektiv, og har relativ stor prosentdel internasjonale studentar og fagtilsette.

Nautikk/Nautical and Maritime Operations

Nautikk er eit område som både har ein nasjonal og internasjonal posisjon. Prosjektet «MARKOM 2020» er del av ei nasjonal satsing for å bygge maritim kompetanse der HVL samarbeider med tre andre høgare utdanningsinstitusjonar. Prosjektet vart etablert av Kunnskapsdepartementet i samarbeid med Handels- og næringsdepartementet i 2011 og varer ut 2020. Så langt har prosjektet resultert i eit felles ph.d.-program i nautiske operasjonar («Nautical operations»), akkreditert i 2016. HVL har også nyleg fått akkreditert master i maritime operasjoner, i samarbeid med Hochschule Emden /Leer i Tyskland. Innan nautikk er bruken av simulatorar sentralt både i undervisning og i forsking.

Regional økonomi samt historie og utvikling

HVL har arbeidd langsiktig med å utvikle metodisk spisskompetanse og ulike modellverktøy på feltet regional økonomi. Forskinga deira dreier seg substansielt om å utvikle ny kunnskap om regional utvikling, om arbeidsmarknadsutvikling og arbeidsledighet. Vidare dreier det seg om å utvikle forståing for prosessar knytt til mobilitet, pendling og flytting mellom kommunar. Ei rekke publikasjonar i internasjonale tidsskrift omhandlar ulike sider ved bustad- og arbeidsmarknadar samt ulike former for samfunnsøkonomisk verdsetting. Fagmiljøet har gjennom mange år hatt omfattande ekstern finansiering, dei har hatt samarbeidsprosjekter med eksterne nasjonale og internasjonale forskarar og er aktive i meir formelle internasjonale forskarnettverk. Gruppa har nyleg blitt invitert med i ei Europeisk forskargruppe som har som mål å utarbeida ein EU-søknad.

HVL har også eit sterkt historiemiljø der forskingsaktivitet knytt til regional historie, står sentralt. Dette dreier seg om t.d. utforming av bygdebøker, skildringar av industristadsutvikling og særeigne kultur- og reiselivsfenomen i regionen, men også om lærande regionar; det vil seie å skape betre forståing for variasjon i skuleresultat mellom ulike fylke. Det er teke initiativ til å skipe eit senter for lokal og regional historie, noko som også kan markere HVL sin kompetanse knytt til historia til Vestlandet, både når det gjeld landbruk, industri og tenesteyting. Fagmiljøet innan regional historie arbeider med næringar knytt til ressursgrunnlaget på Vestlandet; reiseliv/turisme/natur; kraft/energi; havbruk. I tillegg er fleire prosjekt og publikasjonar retta mot felta regionalpolitikk og regional næringsutvikling.

3.3.2 Område der HVL har særlege muligheter for å lukkast internasjonalt

Basert på ei heilsakleg vurdering der ein også legg vekt på finansiering frå internasjonale kjelder, student- og lararmobilitet og internasjonal nettverkstilknytting og sampublisering skil følgjande område innanfor Teknologi, berekraft og samfunn seg ut med særleg muligheter for å lukkast internasjonalt:

Computer Science

Entrepreneurship and innovation

Environmental Science and Sustainable Development

Fire safety

Nautical and maritime operations

Samlede område er også definerte som områder der HVL har en nasjonal posisjon. Vi viser difor til skildringa av områda i avsnitt 3.3.1 ovanfor

4. Tverrgåande synergiområde

Høgskulen på Vestlandet skal syne igjen i landskapet innanfor høgare utdanning i Noreg. Som ledd i universitetsambisjonen er det også naudsynt å synleggjere dei områda der høgskulen i framtida kan markere seg internasjonalt. Prosjektgruppa har gjennom dei ulike kartleggingane av utdannings- og forskingsaktivitet fått eit visst oversyn over kva for profilområde som kjenneteiknar HVL no i startgropa for samorganiseringa. Gjennom dette overblikket har vi fått innsikt i kva for område som kan kjenneteikne den samla aktiviteten ved høgskulen. Dette har vi ovanfor strukturert ved hjelp av tre profilområde.

I dette kapittelet presenterer vi fem tverrgåande synergiområde for å belyse eit potensial for vidare utvikling av utdannings- og forskingsmiljøet ved HVL. Ved å framheve synergiane vil vi gje eit bilet av kva for område som vil kjenneteikne HVL både når det gjeld det særeigne i den regionale forankringa på Vestlandet, og vårt bidrag i utvikling av profesjonar og arbeidsliv. Dei tverrgåande synergiområda slik dei er presenterte nedanfor, tek alle utgangspunkt i minst eitt av dei tre profilområda. I arbeidet med områda har prosjektgruppa henta supplerande informasjon frå aktuelle fagmiljø på tvers. Det er teke høgde for at dei tverrgåande synergiområda byggjer på breie utdanningstilbod og solide fag- og forskingsmiljø. Vi meiner at dei fem områda som blir presenterte, vil kunne gi eit godt grunnlag for det overordna faglege strategiarbeidet ved HVL, ikkje minst med sikte på å realisere den profesjons- og arbeidslivsretta profilen.

4.1 Barn, ungdom og oppvekst

Dette tverrgående synergiområdet tek utgangspunkt i profilområde 2 «*Danning, kultur og samfunn*». Innanfor dette profilområdet har Høgskulen på Vestlandet fleire yrkesretta lærarutdanninger som utdannar og uteksaminerer unge folk som går inn i yrke der dei skal arbeide profesjonelt med barn og unge gjennom store delar av oppveksten deira. Vi finn slike utdanninger også innanfor dei andre profilområda, særleg i sosialarbeidarutdanningane på området «*Helse, omsorg og velferd*.» Vi har også barn- og ungdomsrelaterte utdanninger innan områda idrett, helse, og innanfor delar av naturfagutdanningane. HVL har dessutan eit eige studium på bachelornivå i ungdomssosiologi.

Å forstå barn og unges livsverden og levekår, deira ressursar, problem og mulegheiter i eit velferdssamfunn i snøgg omstilling, er ei stor utfordring for den nye Høgskulen på Vestlandet. Vi skal medverke til dette ved å ivareta, utvikle og halde høg kvalitet på utdanninger innanfor feltet «Barn, ungdom og oppvekst». Det er også viktig å få tak på heilskapen i og skaffe fram kunnskap om dette mangslungne feltet. Vi vil derfor legge til rette for og vidareutvikle god og relevant forsking av høg fagleg kvalitet på dette tverrgående feltet.

HVL har ei rekkje profesjonsstudium som utdannar kandidatar som skal arbeide med, for og iblant barn og unge. Med grunnlag i dette er det utvikla mange og store forskingsprosjekt ved HVL som arbeider med forsking kring ulike sider ved barn, ungdom og oppvekst. Ein viktig del av denne forskinga spring ut frå og har sterkt tilknyting til lærarutdanningane; både barnehage- og grunnskulelærarutdanning. Mange forskjellige problemstillingar vert belyste. Danning er eitt sentralt omgrep. Ph.d.-studiet «*Studium av danning og didaktiske praksisar*» utfordrar til nye måtar å studere danning på som praksisrelaterte prosessar. Studiet samlar ulike fagtradisjonar si forståing av og refleksjon over epistemologi, estetikk og etikk i barn og unges leik, læring og utforskning, og er i seg sjølv eit døme på ein tverrgåande synergieffekt. Ei rekkje forskingsprosjekt knytt til barn og unge og utdanning/oppvekst er utvikla ved campus Bergen. Det gjeld tema som migrasjon, kulturell diversitet og utdanning; identitet; sosial ulikskap og utdanning; overgangen mellom barnehage/grunnskule/ungdomsskule. Fleire forskingsgrupper er også etablerte. Det er også sendt ein søknad til NFR om å verte eit kjernemiljø for barnehageforskning.

Barne- og ungdomsrelatert forsking knytt til sosialarbeidarutdanningane, og dei store sjukepleieutdanningane, er mindre. Men den er i vekst, særleg når det gjeld barnevernet, inklusive internasjonalt komparative studiar, og feltet psykisk helse og rus. I sjukepleieutdanninga er det særleg i helseøsterutdanninga ein er mest oppteken av barne- og ungdomsrelaterte aktivitetar.

Ein viktig del av idrettsforskinga ved HVL, særleg ved campus Sogndal, dreier seg om barn og fysisk aktivitet, mellom anna gjennom det store NFR-finansierte prosjeket «Active, Smarter KiDS (ASK-prosjektet), som studerer samanhengar mellom fysisk aktivitet blant barn og skuleprestasjonar. Idrettsutdanningane er også på mange andre måtar innretta mot barn og ungdom

Også i ingeniørfag som bygg og anlegg, vil barn og unge vere éin aktuell kategori. Innanfor naturfaga er ein mest opptekne av «forskerspiren, at elevane skal møte naturfag på ein undrande og utforskande måte. Vere «Nysgjerring-perar», så å seie.

Men forsking og faglege aktivitetar på dette feltet har ikkje nødvendigvis tilknyting til profesjonsutdanningar. Ved distrikthøgskulen i Sogndal vart det alt på 1970-talet utvikla eit studium i «Førebyggjande arbeid blant barn og unge». Dette vart seinare omdanna til eit studium i «Ungdomssosiologi»; med bachelor- og årstudium. Knytt til fagmiljøet her har det siste åra vorte utvikla fleire (større) forskingsprosjekt som studerer sentrale trekk i utviklinga av ungdomstilværet, heilt uavhengig av danning og profesjonsutdanningar. Studieobjektet er «ungdom» og dei utfordringar «ungdom» vert stilte overfor på grunn av samfunnsendringar, migrasjon, resesjon, arbeidsløyse, flytting, utviklingshemming osv. Eit av prosjekta («MOVE») er finansiert av EU-programmet «Horizon 2020», med ei samla ramma på 2,5 mill. Euro, med forskarar frå 6-7 ulike forskingsinstitusjonar i Europa.

HVL skal og må ha rom både for den profesjonsbaserte barne-, ungdoms- og oppvekstforskinga og for forsking som studerer utviklingstrekk ved ungdomstilværet i seg sjølv. Dei to «retningane» vil styrke kvarandre. «Barneforskning» er derimot ein kategori som kan utviklast med basis i fagmiljø ved barnehagelærar-utdanningane.

Området «Barn, ungdom og oppvekst» har ved Høgskulen på Vestlandet sin bakgrunn i ulike profesjonsutdanningar som utdannar kandidatar til arbeid blant barn og unge, og omfattande forsking i tilknyting til dette, og i disiplinfag med studium og forsking i bl.a. ungdoms-sosiologi, som er eit eige etablert fagområde. Både på utdannings- og forskingssida er lærarutdanningane (kvantitativt) dominerande innanfor dette feltet ved HVL.

Det er alt i gang store forskings- og utviklingprosjekt på dette feltet ved HVL. Det nye ph.d.-studiet i «Danning og didaktiske praksisar» vil styrke arbeidet. Under er ei liste over mulege tema og problemstillingar for tverrgåande aktivitet på feltet.

- Migrasjon, inkludering og fleirkulturalitet/etnisitet
- Marginalisering, unge utanfor skule og arbeidsliv
- Livsmeistring
- Barnevern og velferd
- Barnerettigheter
- Digital alder
- Kultur og identitet
- Kunst/kultur/kreativitet (jf. «Fargespill»)
- Fysisk aktivitet, folkehelse og utdanning
- Danning, medborgarskap og demokrati
- Internasjonal komperasjon på feltet

4.2 Folkehelse og helsefremjing

Dette tverrgående synergiområdet tek utgangspunkt i profilområde 1 «Helse, omsorg og velferd». Folkehelse og helsefremjing er område som femner om store livsstilsutfordringar i det norske velferdssamfunnet. Overvekt, dårleg kosthald og inaktivitet i befolkninga er eksempel på slike utfordringar. Botemidla kan vere auka tilrettelegging for fysisk aktivitet og betre kosthald i befolkninga. På dette området, folkehelse i vid forstand, er det òg store sosiale skilnader i befolkninga.

Folkehelsearbeid og helsefremjande arbeid har mulleheit ut frå eksisterande sterke fag- og forskingsmiljø, til å bli eit sterkt tverrfagleg og tverrprofesjonelt studietilbod og forskingsområde i HVL. Helse- og sosialfagutdanningane knytt til Profilområde 1 vil med ulikt bidrag innan fag og forsking styrke det tverrgående synergiområdet «Folkehelse og helsefremjing.» I det ligg eit tverrgående samarbeid med mellom anna fag- og forskingsområde frå idrettsmiljøa, frå Seksjon for mat og helse og også bachelorstudiet i *folkehelsearbeid med vekt på kosthold og fysisk aktivitet*. Desse miljøa har utdanningsportefølje både på bachelor- og masternivå i tillegg til årseiningar. I HVL har vi også *Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet* som på utdanningssida vil vere ein positiv deltakar innan dette synergiområdet. Folkehelse og helsefremjing kan likeins ha bindingar til utdanningsmiljø innan ingeniørfaga. Ein kan sjå på folkehelse og helsefremjing ut frå regionaløkonomi der pendling, flytting, bustad- og arbeidsmarknad er omgrep som vert studerte. Ulike modellar kan brukast til å studere korleis ulike endringar og tiltak frå myndigheitenes side påverkar blant anna lokaliseringsmønster, trafikkmønster og bustadprisar.

Folkehelsearbeid inneber at ein målretta søker å styrke kontrollen over faktorar som direkte eller indirekte påverkar helse. Folkehelse-omgrepet er eit *tverrfagleg fagfelt* der samarbeid på tvers av fag, sektorar og einingar blir veklagt. Det er langsiktig og systematisk samfunnsutviklingsarbeid retta mot heile befolkninga, og som krev innsats frå alle fagområde og på alle nivå. Folkehelsearbeid er å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge, legge til rette for sunne levevanar, fremje fellesskap, tryggheit, inkludering og deltaking. Folkehelse handlar dermed både om helse, kultur og samfunn. Folkehelsearbeid og helsefremjing må sjåast i eit livslaupsperspektiv. Folkehelse og helsefremjing er også viktig i arbeidslivet med vekting av HMS-arbeid.

Forutan bachelorutdanningane i helse- og sosialfag har ein ved HVL tverrfaglege vidareutdanningar i psykisk helse, rusproblematikk, velferdsteknologi og rehabilitering og masterutdanningar der folkehelse og helsefremjing vert veklagt. Innan idrettsmiljøa med utdanning både på bachelor- og masternivå finn vi ein brei fagportefølje (idrett, kroppsøving/friluftsliv, fysisk fostring, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse) med særrelevant utdanningar ved helsefremjing gjennom kosthald, fysisk aktivitet og friluftsliv. Tydelege bindingar til reiselivet har ein også innan desse miljøa. Ei ny bachelorutdanning i Natur- og opplevingsbasert reiseliv startar i Sogndal i 2017.

Fagmiljøet ved Seksjon for mat og helse, campus Bergen, arbeider med kosthald i ei vid tyding – dvs. mat og måltid i skulen og barnehagen, der både samfunnsmessige, kulturelle og ernæringsmessige faktorar blir perspektiverte. Forskargruppa i *Mat og måltid i skole og barnehage* er knytt til dette fagmiljøet. Vidare har ein eit tverrgående forskingsområde som inkluderer *livsstil, fysisk aktivitet og helsefremjing* mellom helse- og sosialfeltet og idrettsfag. HVL har moderne laboratorium for fysiologisk testing og bevegelsesanalyse. I tilknyting til dette er det utvikla eit forskings- og utviklingssamarbeid med Olympiatoppen Vest-Norge (OLTV), Haukeland Universitetssykehus (HUS) og Energisenteret for barn og ungdom. HVL er også ein sentral aktør i etableringa av *Idrett Campus Bergen* i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Hordaland idrettskrets, SK Brann, Olympiatoppen og Bergen kommune.

Andre sterke forskingsmiljø som bidreg innan dette feltet, er forskingsprogrammet «Samhandling for betre folkehelse», knytt til helsefagmiljøet Stord / Haugesund. I Sogndal har ein innan idrettsforskinga to sidestilte forskingsområde; ”Fysisk aktivitet og folkehelse” og ”Læring i idrett, kroppsøving og friluftsliv”, ein har det store forskingsrådsfinansierte prosjektet *Activ Smarter Kids (ASK)* –studien og studien *Independent, Self-Reliant Active Elderly (ISRAE)* som er finansiert av Regionalt

forskningsfond, Vestlandet. Ein skal der undersøke effekten av styrketrening blant eldre med pleie- og omsorgstenester i forhold til funksjonsnivå, muskelstyrke, objektiv måling av dagleg fysisk aktivitet, fall, livskvalitet og i kva grad dei eldre kan hjelpe seg sjølve. Knytt til tidligare HiSF har ein også *Førde Active Transport (FACT) Study* som ser på korleis implementeringa kan påverke folkehelse og miljøfaktorar. FACT-studien er eit samarbeid med Avdeling for helsefag og Avdeling for samfunnsfag.

Utdanningar og fagmiljø som bidreg på ulikt vis til utdanning og forsking innan folkehelse og helsefremjing, kan rekruttere kandidatar til ulike ph.d.-program. Det kan vere innan ph.d.-utdanninga i helsevitenskap som er under utarbeiding, kandidatar til ph.d. i programmet «Danning og didaktiske praksisar» eller innan ph.d.-arbeid på innovasjonsområdet.

Folkehelse og helsefremjing trer tydeleg fram som eit tverrgåande synergiområde som kjem i møte utfordringane i Folkehelsemeldinga (Meld st. 19, 2014-2015):

«Folkehelsearbeid handler både om å fremme livskvalitet og trivsel, gjennom deltagelse i sosialt fellesskap som gir tilhørighet og opplevelse av mestring, og om å redusere risiko for sykdom, funksjonsnedsettelse, psykiske og sosiale problemer» [...] «I mange tilfeller vil det være synergieffekter mellom tiltak på folkehelseområdet og tiltak på andre samfunnsområder, for eksempel i klimapolitikken, arbeidslivspolitikken og skolepolitikken» (Meld st. 19, 2014-2015).

Ulike mulegheiter til fagutvikling og forsking vil venteleg tre fram. Det kan vere seg innan felt som:

- Levevanar, fysisk aktivitet og kosthald
- Sosiale skilnader og migrasjon
- Pedagogiske utfordringar ved endring av levevanar (helsepedagogikk)
- Natur- og aktivitetsorienterte reiselivsopplevelingar
- Andre

4.3 Berekraftig utvikling og sikkerheit

Dette tverrgående synergiområdet har sitt utspring i profilområdet «Teknologi, berekraft og samfunn.» Profilområdet tek opp HVL sin breie utdannings- og forskingsportefølje knytt til havbruk, klimautfordringar, energi- og sikkerheitsutfordringar, der sentrale stikkord er berekraftig utvikling og omstilling som krev kunnskap på tvers av økonomi og samfunnsvitskap, teknologi og naturvitenskap, helse- og utdanningsvitskap. Synergiområdet har relevans for utvikling av ph.d.-utdanning innan ansvarleg innovasjon som tek opp berekraft og omstilling i denne vide tydinga.

Mulegheiten som ligg i å vere tett på klimaendringar og geofare, hav og maritim næring på Vestlandet gjer *sikkerheit* til eit sentralt område for HVL. I dette ligg brannsikkerheit, maritim sikkerheit og marinbiologisk sikkerheit som alle har potensial til å bli sterke område for HVL både innan utdanning og forsking, då det er få miljø innan desse fagområda nasjonalt og internasjonalt. Forsking og utdanning innan sikkerheit kan gje faglege synergiar på tvers og legge grunnlag for nye utdanninger og forskingsprosjekt, til dømes innan reiseliv og HMS-arbeid (helse, miljø og sikkerhet), men også knytt til menneskelege, organisatoriske og operasjonelle aspekt ved handtering av risiko og sikkerheit i den maritime næringa. HVL er også partner i eit nyleg akkreditert samarbeids-ph.d.-program kalla «Nautical operations». Aktuelle pågåande prosjekt i denne satsinga omhandlar mellom anna passasjersikkerheit og overleving ved evakuering under ekstreme forhold i arktiske strøk. Sikkerheit femner også om beredskap, noko som er framtredande i forskings- og fagmiljøa som utgår frå nautikk og MarSafe i Haugesund, skredforskning i Sogndal og byggingeniør i Bergen/Førde.

Strategiar og tiltak for å møte utfordringane på klimaområdet og omstille samfunnet i ei meir berekraftig retning er politisk, økonomisk og fagleg krevjande., HVL er særskilt godt rusta til å kunne jobbe med desse problemstillingane. Det vil vi gjøre gjennom å kombinere til dømes prosesskunnskap om klimaeffektane frå naturvitenskapar som geologi, økologi og andre realfag (klimaeffektar), med

anvendt kunnskap om klimatilpassingar frå areal- og samfunnsplanlegging samt bygg og energivitskapane (klimatilpassing), og den samfunnsfaglege og økonomiske kunnskapen om korleis få til berekraftig utvikling og utsleppsreduksjonar (klimaomstilling). Omlegging til fornybar energi og miljøvennlege løysingar krev både teknisk og organisatorisk innovasjon. Synergiar på tvers ser ein til dømes gjennom at samfunnsøkonomiske fagmiljø i ein søknad om eksterne forskingsmidlar også ser på miljømessig og sosial berekraft i framtidas byar, og vil analysere økonomiske verknader av tiltak foreslått av myndighetene. Ein anna innfallsvinkel er frå historiemiljøet som har bidrige med fleire vitskaplege og populærvitskaplege publikasjonar, prosjekt og doktorgrader, der ein knyter historiefaget til energi- og klimaspørsmål, til dømes konsekvensar av klimaendringar i historisk perspektiv.

«Transitions towards sustainable societies» er ei av dei viktigaste utfordringane samfunnet står overfor i dag. Konsekvensane av eit villare, våtare og varmare klima og sikkerheitsbristar i maritime næringar, har gitt og vil i framtida kunne gi særleg dramatiske utslag på Vestlandet. Omlegging og omstilling av næringsliv og industri i ei grønare retning byr også på utfordringar, særleg for det oljeavhengige Vestlandet. Tre spørsmål er særstilt 1) Korleis kan vi best arbeide for å utvikle lågutslepp-samfunnet?, 2) Korleis kan vi redusere risikoen for miljøskade i eksisterande og nye næringar? og 3) Korleis kan vi redusere skadeverknadene av dei store klimaendringane? HVL har fleire framståande fagmiljø som kan arbeide i lag med dei faglege utfordringane på dette feltet.

Nedanfor er ei liste over mulege tema og problemstillingar for tverrgående aktivitet på feltet:

- Fornybar energi og berekraftig bruk av energiressursar
- Utvikling av berekraftig og miljøvennleg næringsliv
- Redusere skadeverknader av klimaendringar og arealinngrep
- Miljøvennlege bygg og byar
- Sikkerheit og miljøutfordringar i maritime næringar
- Berekraftig arealplanlegging tilpassa geofare og landskapsfaktorar
- Miljøvennleg transportteknologi og berekraftig transportsystem
- Økonomiske modellar for grønt skifte og berekraftig utvikling
- Klimaomstilling og samfunnsplanlegging
- Forholdet mellom mennesket og natur
- Miljø- og klimahistorie
- Smarte byar og tettstader

4.4 IKT som muleheitsområde

Studentane som HVL utdannar, skal inn i eit arbeidsliv som vert stadig meir digitalisert. Det er forventa at studentane som arbeidstakarar skal bidra til å realisere effektivitetsgevinstane av digitaliseringa. Dei skal utvikle kompetanse til å bidra til innovasjon av tenester, prosessar og til digitalisering. Dei må evne å vere kritiske brukarar og reflekterande praktikarar, sjå veikskapar i dagens IKT-løysingar og ta initiativ til forbetring av dei. Vidare skal dei bidra til å få folk med i endringsprosessar, også når det gjeld samhandling på tvers av forvaltningsnivå. Tekniske og ikkje minst organisatoriske utfordringar kan vere viktige barrierar for eit vellukka resultat og vere ei hindring for gode tenester til brukarane. Vi ser dette spesielt i overgangen mellom forvaltningsnivå, t.d. ved utveksling av elektroniske meldingar mellom spesialisthelsetenesta og kommunale helse- og omsorgstenester.

Det finst mange døme på at det kan vere nyttig at studentar på alle studieprogramma vert konfronterte med problemstillingar knytt til bruken av IKT og behovet for digital kompetanse, og at dei får kunnskap om korleis ein som medarbeidrarar i ein organisasjon kan jobbe med og leie tenesteinnovasjonar. Men dei skal òg kunne reflektere og drøfte etiske og sikkerheitsmessige

utfordringar rundt digitalisering.

Eit tettare samarbeid mellom profesjonsutdanningane ved HVL og samfunnsfagleg IKT-kompetanse ville kunne gi oss kvalitativt betre digitale tenester, men òg studentar som er betre rusta for ein digital arbeidskvardag. Dette vil også kunne gi synergiar på tvers. Eit viktig utviklingsområde for HVL blir då å sjå på korleis ein kan utvikle felles utdannings- og forskingsobjekt der eit slikt synergipotensial kan utnyttast på ein god måte. IKT som mulehetsområde er difor eit synergifelt som spring meir eller mindre ut frå alle dei tre profilområda.

I fusjonsavtalen² for Høgskulen på Vestlandet (HVL) er digitalisering lansert som eit viktig strategisk satsingsområde. Ambisjonane er høge. Dette må forståast slik at IKT skal spele ei tydeleg rolle i det faglege arbeidet og i utviklinga av faga og profesjonane. Fusjonsprosjektet *Digitalisering* har i sin rapport skissert ei retning for den overordna satsinga på digitalisering i HVL, også i høve til samhandling. I dette dokumentet vil vi skissere korleis det faglege perspektivet kan ivaretakast, på tvers av fag og profesjonar.

HVL rår etter fusjonen samla sett over sterke og innovative fagmiljø der IKT spelar ei vesentleg rolle. Dette gjeld både dei tekniske fagområda, helse-, omsorgs- og velferdsområda, organisasjons- og administrasjonsfeltet og innan utdanningsprofesjonane. HVL har ei ph.d.-utdanning i dатateknologi («computer science») og eit masterstudium i IKT i læring. Institusjonen har også utvikla fagmiljø og kompetanse innan helse- og velferdsteknologi. HVL har også eit eige senter for nye medium. Her er det mykje å bygge på, med potensial for nye og innovative synergiområde, knytt til hovudområda:

- IKT i fag-, samfunns- og organisasjonsutvikling
- IKT i læring og undervisning
- IKT i helse og velferdstenester
- IKT i forsking

Innan alle desse felta ligg det eit stort potensial i å utvikle samarbeid på tvers av komplementære utdannings- og forskingsmiljø, også i arbeidet med studentane. Viktige tiltak her kan vere knytt til studententreprenørskap og stimulering til danning av inkubatormiljø. HVL bør også utvikle høg kompetanse på tvers både når det gjeld implementeringsproblematikk og strategiske vurderingar knytt til IKT.

IKT grip inn i og endrar føresetnader for fag og organisasjoner. Dette er knytt til alt frå sensorar og innhenting av data, via kommunikasjon til dataanalyse, talknusing, tolking og bruk av informasjon. Dette er relevant for alle samfunnsområde. Reduksjon av store datamengder utan tap av informasjon vil t.d. gjøre det enklare å fatte gode avgjerder. I næringslivet kan dette vere data frå operasjon av store undervassinstallasjonar, bioteknologi og genetikk, biobankar, offentlege helsedata og ei lang rekke andre bruksområde. Dette vert i dag omtala som Big Data. Simulering er også eit sentralt stikkord her, både når det gjeld praktisk trening og øving på avgjerdstaking, t.d. knytt til det grøne skifte og berekraft. Dette kan dreie seg om modellering og simulering av fysiske fenomen og prosessar innanfor fleire ingeniørfag og natur- og samfunnsfaglege område, også til bruk i undervisninga på lågare nivå. Innan helse- og velferdsfaga blir teknologiske hjelpemiddel i aukande grad tekne i bruk for t.d. å simulere praktiske fenomen.

Eit anna viktig område der IKT er sentralt og kan få ei større rolle, er innan det som vert kalla smarte byar, der IKT kan bidra til auka berekraft gjennom energieffektivisering, betre buminiljø, men også i høve til det å gjøre det muleg for eldre pleietrengande å bu lenger heime (velferdsteknologi). Her ligg det store muleheiter i å utvikle kurs-modular på tvers av utdanningsmiljøa, t.d. ved å kople helsefag, samfunnsfag, naturfag og ingeniørmiljøa. Feltet kombinerer praktisk og teoretisk innsikt i og erfaring med IKT med fagleg kompetanse først og fremst til sentrale fag i lærarutdanningane. Det kan utvidast også til andre (profesjons)utdanningar, særleg når det gjeld etter- og vidareutdanning. Behovet for

tverrfagleg innsats er stort.

Innføring og bruk av ny teknologi og digitale medium i utdanning representerer ei utfordring på alle nivå, både teknologiske og organisatoriske. Men også det å gjøre teknologien relevant og nyttig for lærarar og studentar kan opplevast som krevjande. Teknologirike klasserom og auka bruk av nettbasert, synkron og asynkron undervisning og rettleiing, t.d. på tvers av geografi og læringsmiljø og i praksis, gir nye pedagogiske mulegheiter, nye måtar å lære på. Dette genererer også nye typar data som kan bli brukte både til vurdering og til å forbetre undervisning og læring. Dette muleggjer ein ny pedagogikk for vårt hundreår, samstundes som det set nye krav til kompetanse hjå lærarar og studentar. Det trengst ny kunnskap og nye ferdigheiter, men også nye evner til å løfte mulegheitene inn i og utover desse klasseromma, og til å skilje mellom det som er positive og det som er negative tilskot til det pedagogiske miljøet. Tilsvarande må ein stimulere til utvikling av lærarane sin kapasitet på bruk av IKT og data for å styrke studentane si læring, men òg for eiga profesjonell utvikling. Om ein ønskjer å ta i bruk nye teknologiar, vil dette også setje nye krav til studentane. Eit døme kan vere innføring av læringsanalyse som vil setje krav til studentane til å bruke denne innsamling tilnærningsmåten i undervisninga, delta i innsamlinga av data, analysere og forstå desse dataa, og visualisere dei slik at dei blir forstått. Slik kan IKT også bidra til at studentane får ei rolle i forskingsaktiviteten. Fleire miljø ved HVL har over lang tid hatt ein synleg nasjonal posisjon på dette feltet. Dei siste åra har ein fått omfattande ekstern finansiering for å drive forsking og utviklingsarbeid på området IKT i læring, både gjennom Forskningsrådet og Norgesuniversitetet.

Helse, omsorgs- og velferdsfeltet står overfor store utfordringar i framtida, og velferdsteknologien vil spele ei sentral rolle i utviklinga av feltet. Teknologiske hjelpemiddel vil i aukande grad bli tekne i bruk for å betre kvalitet og ressursutnytting. Sektoren vil, som eit eksempel, truleg gå gjennom tilsvarande transformasjon som banknæringa har gjort. Det betyr at pasientar om ikkje lenge får tilgang på sin eigen journal via smarttelefon. Det er også store muligheiter knytt til samhandling mellom forvaltningsnivå.

IKT gir store mulegheiter for synergiar mellom ulike fagområde på forskingssida, m.a. når det gjeld handtering av større datasett (innhenting, analyse). Det ligg også synergimulegheiter på tvers av utdannings- og forskingsmiljø knytt til etablering av forskingslabbar der undervisarar og forskarar saman kan prøve ut nye teknologiar (t.d. sensorar, «eye tracking» og 360 kamera, koding og robotteknologi) og sjå mulegheiter og utfordringar i læringssamanhang.

Ei muleg strategisk tilnærming på dette feltet kan vere å lyse ut sentrale midlar til forskings- og utviklingsprosjekt på tvers av fagmiljø.

4.5 Ansvarleg innovasjon og regional omstilling

Dette tverrgående synergiområdet tek utgangspunkt i profilområde 3, «*Teknologi, berekraft og samfunn*», og omfattar fagfelta *innovasjon, økonomi, organisasjon og leiing*. Innan desse faga har HVL fleire bachelorutdanninger, masterutdanninger, og også eit ph.d.-program under planlegging. Innovasjon er eit tverrfaglig forskingsfelt som er tett kopla til nyttiggjering av forsking, og fyller den viktige «tredje rolla» til høgskulane. Dette tverrgående synergiområdet fokuserer på ansvarleg innovasjon, som skal bidra til samfunnets beste i form av verdiskaping og berekraftig utvikling. For eksempel gjennom å kombinere teoretisk/forskningsbasert fagleg kunnskap med praktisk/erfaringsbasert fagleg kunnskap innanfor ingeniørfaga, helse- og sosialfaga og dei pedagogiske faga. Ansvarleg innovasjon inneber at innovasjonar skal løyse økonomiske og produktive oppgåver (verdiskaping), velferdsmessige oppgåver (helse, oppvekst, omsorg, utdanning etc.) og miljømessige oppgåver knytt til det grøne skiftet.

Synergiområdet «Ansvarleg innovasjon og regional omstilling» utgjer eit komparativt fortrinn for

HVL. Høgskulemandatet har historisk vore knytt til praksis- og profesjonsnærleik, og HVL har ein tydeleg ambisjon om å vere ein drivande partnar og aktiv deltakar i det regionale innovasjonssystemet. HVL skal spele ei tydeleg rolle i utviklinga av Vestlandet, noko som krev analytisk djupneforståing og nærleik til praksis. Tette koplingar til regionalt nærings- og samfunnsliv er ein føresetnad for ei slik satsing, men studentaktivitetar, utdanning og samarbeidsrelasjonar til omkringliggjande aktørar er sjølv sagt også avgjerande. Kunnskapsoppbygginga og -spreiinga kan skje på fleire måtar, eksempelvis gjennom utesaminering av studentar, forskingsbasert rådgjeving og andre former for utoverretta verksemd der ein koplar HVL til pågåande innovasjons- og endringsprosessar på Vestlandet. Og ikkje minst inneber det ei tydeleg satsing på studententreprenørskap, altså at ein legg til rette for at studentane kan vidareutvikle sin faglegheit gjennom konkrete innovasjons- og utviklingsprosjekt, understøtta av god innovasjonsfagleg oppfølging. I tråd med denne forståinga av innovasjon og regional utvikling bør også studententreprenørskapsarbeidet forståast breitt. I tillegg til at studentane får høve til å utvikle eigne verksemder, bør ein også fokusere på å utvikle ein entreprenørskapskultur ved HVL.

HVL tilbyr tre masterutdanningar innan fagfelta innovasjon, entreprenørskap, organisasjon og leiing, og ein arbeider også med oppbygging av eit ph.d.-program innanfor innovasjon; «Innovasjon i eit profesjons- og samfunnsperspektiv». Ein har mål om å søke akkreditering hjå NOKUT i 2017/18. Det tverrfaglege satsingsområdet «Ansvarleg innovasjon og regional omstilling» kan belysast ut frå ulike perspektiv frå ei rekkje ulike fagfelt: Organisasjons- og leiingsfag, økonomifag, andre samfunnssfag, teknologiske fag, pedagogiske fag, kreative fag og helsefag.

Dei mest sentrale temaña på dette feltet er:

- Innovasjon som drivkraft for regional utvikling på Vestlandet
- Økonomi, leiing, organisasjon og omstilling i offentlig og privat sektor
- Samhandling, iverksetjing og samfunnsansvar
- Læring og entreprenørverksemd
- Utvikling av helse- og velferdsteknologi
- Sosialt entreprenørskap

Høgskulen på Vestlandet har fleire sentrale fagmiljø som kan bidra her, mellom anna desse: Mohn-senteret for innovasjon og regional utvikling i Bergen, som har ein omfattande portefølje innan feltet med eit stort regional, nasjonalt og internasjonalt kontaktnett, ein omfattande eksternfinansiert forskingsproduksjon innan innovasjonsforskning. Dei koordinerer også utviklinga av ph.d.-studiet i «Innovasjon i eit profesjons- og samfunnsperspektiv.» Ved ISV, campus Sogndal, Organisasjon og leiing, tilbyr HVL ein mastergrad i organisasjon og leiing, Institutt for økonomiske og administrative fag, campus Bergen tilbyr to mastergrader innan innovasjon, entreprenørskap og leiing. Det strategiske forskingsprogrammet «Samhandling, innovasjon og styring i offentleg sektor (SISOS)», som har som spesielt siktemål å utvikle kunnskap om korleis aktørane i offentleg sektor kan handtere utfordringar knytte til samhandling i komplekse system, vil også kunne spele ei sentral rolle her. Desse fagmiljøa har mange førstekompetente, og deltek i fleire regionale prosjekt, samt nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. Miljøa rundt Senter for Omsorgsforskning er også sentrale innanfor dette tverrgående synergiområdet, med ein omfattande portefølje innan feltet, eit stort regional, nasjonalt og internasjonalt kontaktnett og ein omfattande eksternfinansiert forskingsproduksjon.

Også Lærarutdanningane kan bidra innan dette tverrgående synergifeltet. Mellom anna har lærarutdanninga, campus Sogndal, inkludert pedagogisk entreprenørskap som eit fag innan lærarutdanninga, og også som vidareutdanning. Lærarutdanninga, campus Stord, har lagt stor vekt på fagområde som kreativitet og innovasjon. Her har forskingsprogrammet *Program for Kultur. Og kreativitetspedagogikk (K-ped)* ein svært omfattande portefølje. Center for Creativities, Arts and Science in Education (CASE) arbeider med store hovudprosjekt, som alle er eksternt finansierte, delvis gjennom EU-organa, i større eller mindre grad. Dette fagmiljøet, som sidestiller innovasjonsarbeid i det offentlege med det private og industriorienterte, vil kunne bidra til synergieffektar med utspring i profilområde 2 «Danning, kultur og samfunn.»

Det er mange mulege synergieffektar ved samarbeid på tvers av fagfelt i HVL, noko fagmiljøa også peikar på. Miljøa lister sjølv opp fleire samarbeidspartnarar på tvers av campus og fagfelt: samarbeid mellom mastergradsmiljøa, campus Bergen og Sogndal; samhandling med helse- og sosialtenestene, campus Førde; samhandling med miljøet på Senter for omsorgsforskning, campus Bergen; samarbeid med profesjonsavdelingane sine etterutdanningar for leiarar; samarbeid med fagfolk i profesjonsfaga. Lærarutdanninga, campus Stord nemner også media og kommunikasjon, animasjon og teknologi som aktuelle samarbeidspartnare. Det er òg viktig å trekke studentane inn i den vidare satsinga.

5. Prinsipp for strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanning

Det går fram av fusjonsavtalen at HVL skal ha felles utdanningsløp med rom for å utvikle faglege profilar etter eigenart og lokale behov. Denne formuleringa må også sjåast i samanheng med ambisjonen i fusjonsplattforma om å profilere HVL som ein fleircampusinstitusjon som skal «vidareutvikle studiestadane slik at regionrolla vert teken betre vare på enn i dag». Det er altså her lagt opp til å finne ein god balanse mellom effektiv samkøyring og vidareutvikling av lokal profilering, både sett i lys av regionale behov og den faglege eigenarten ved campusane.

Alle dei tre nærregionane har etablert sin (eigen) kultur og praksis i dei ulike utdanningane. Det er her viktig, spesielt i overgangsfasen, å finne praktiske samkøyningsordningar som utnyttar det beste frå dei tre gamle institusjonane. Det er også viktig å finne ordningar for undervisning, vurdering og praksisorganisering som passar dei ulike utdanningstypane. HVL må her ikkje setje for stramme føringar sentralt for dette tilpassingsarbeidet.

Prinsipp for strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL:

- Utdanningsløp skal samkøyrast på tvers av campusane på ein måte som sikrar vidareutvikling av lokal profilering og fagleg eigenart.
- Utdanningane er av eit omfang som er fagleg og økonomisk berekraftig
- Ein byggjer opp under fagleg eigenart og regionale behov gjennom å
 - o Ha rom for tydeleg profilering av utdanningane
 - o Utnytte synergimulegheiter
- Organisering av undervisning, vurdering og praksis er tilpassa fagleg eigenart i dei ulike utdanningsområda

Prosjektgruppa vil foreslå at det vert oppretta eigne arbeidsgrupper for dei utdanningane som har undervisning på fleire campus. Arbeidsgruppene skal vurdere mogleg samkøyring av utdanningane, for å sikre ein god balanse mellom det å ha like tilbod til studentane, effektiv drift og rom for lokal eigenart.

6. Faglege visjonar, mål og prioriteringar for HVL i perioden fram til 2023.

Fusjonsavtalen gir føringar for kva ambisjonar ein skal legge til grunn for bygginga av HVL. Sentralt her står målet om å bli ein fagleg sterk og tydeleg kunnskapsinstitusjon som i nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv skal yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsbygging. For å oppnå dette skal HVL ha som overordna ambisjon å utvikle institusjonen til bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet. Dette må difor vere eit sentralt element i og gje føringar for formulering av mål og prioriteringar for HVL. Det er her også sagt at utviklinga av universitetsambisjonen skal bygge på profil- og satsingsområda i HVL. Her står utviklinga av ph.d.-programma ved HVL sentralt. Fusjonsavtalen peikar vidare på at utviklinga av ph.d.- og masterutdanningar skal ha som siktemål å gje ein meirverdi til regionane.

6.1 Overordna visjon for HVL

Det ligg i mandatet for dette arbeidet å foreslå ei visjonsformulering for HVL. I sektoren er det ulike tradisjonar for korleis dette vert uttrykt. Det er også ulike syn på kva funksjon ei visjonsformulering har, og om det i heile tatt har ein konstruktiv funksjon. Ein måte å sjå dette på er at visjonsformuleringa skal uttrykke mening, retning og energi (Steen Jensen, Khrono 05/04 2016). Det er også stor variasjon når det gjeld form på visjonsformuleringane. Internasjonalt er visjonen ofte formulert i utfyllande prosatekst, medan fleire institusjonar i Norge har tradisjonar for korte slagordsforma formuleringar. Dette gjaldt også gamle HSH, HiSF og HIB.

Prosjektgruppa har prøvd seg fram med ulike former. I dialog med styringsgruppa har vi kome fram til ei formulering som er meint å gi ei retning ut i frå det som er essensen i fusjonsplattforma.

Visjon:

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein fleircampus profesjons- og arbeidslivsretta høgskule som skal medverke til ei kunnskapsbasert utvikling regionalt, nasjonalt og globalt. Vi skal utnytte breidda ved våre fem campus til å vere tett på studentane og dei sektorane vi utdannar kandidatar til, samarbeider med og driv forsking om.

HVL skal vere kjende for å ha svært nøgde studentar som trivast og lukkast. HVL skal utvikle og dele forsking av høg internasjonal kvalitet, og verte ein stor, tydeleg og synleg høgare utdannings- og forskingsinstitusjon.

Det er eit målfor HVL å bidra til auka verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor på Vestlandet. Verksemda vår skal vere prega av høg etisk standard og akademisk fridom.

6.2 Mål og prioriteringar for HVL fram mot 2023

I arbeidet med å utvikle HVL må det finnast ein god balanse mellom å oppretthalde og utvikle god kvalitet på bachelor- og masterutdanningane og den meir spissa satsinga retta inn mot universitetsambisjonen, som i hovudsak dreier seg om å utvikle og drifta eksisterande og nye ph.d.-

program.

Overordna mål for strategisk utvikling av HVL fram mot 2023 går fram av fusjonsplattforma og kongeleg resolusjon. Prosjektgruppa foreslår følgjande operasjonalisering av desse målformuleringane:

1. HVL skal utvikle ein fagleg plattform og profil som gjer det muleg å søke om å bli universitet med profesjons- og arbeidsretta profil i 2023. For å oppnå dette skal HVL legge stor vekt på:
 - a. å tilby gjennomgåande forskingsbaserte studieløp frå bachelor til ph.d.
 - b. å vidareutvikle eksisterande ph.d.-program slik at programma rekrutterer breitt frå alle campus
 - c. å utvikle to nye doktorgradsområde med brei involvering frå relevante fagmiljø
 - d. å sikre tilstrekkeleg produksjon av ph.d.-kandidatar for å fylle krava til studiekvalitets- og -tilsynsforskrifta
- 2) HVL skal yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling gjennom utdanninger, FoU, innovasjon og formidling av høg internasjonal kvalitet. For å oppnå dette skal HVL etablere gode rammevilkår for forskingsverksemda ved å legge stor vekt på:
 - a. å stimulere til nasjonal og internasjonal nettverksdanning og sampublisering
 - b. å stimulere til forskingskvalifisering i fagmiljø
 - c. å etablere gode støttesystem for FoU-verksemda, inklusive ekstern finansiering nasjonalt og internasjonalt
 - d. å bruke innovasjon og entreprenørskap i regional utvikling
- 3) HVL skal tilby utdanning på mastergradsnivå med høg kvalitet på alle fem campus. For å oppnå dette skal ein for alle bachelor-, mastergrads-, doktorgrads- og etter- og vidareutdanninger legge stor vekt på
 - a. å vidareutvikle eksisterande studieportefølje og etablere nye i samråd med sentrale regionale, nasjonale og internasjonale aktørar
 - b. undervisningskvalitet og fleksible organiserings- og læringsformer
 - c. forskings- og profesjonsorienterte tilnærmingar til undervisninga
 - d. å utvikle god samanheng mellom læringsutbytte, arbeidsformer og vurderingsformer i utdanningane
 - e. å etablere gode system for UH-pedagogisk kompetanseutvikling